

# BACHELOROPPGÅVE

Korrupsjon og underslag i norsk  
næringsliv

Corruption and embezzlement in  
Norwegian business

**Ingrid Raa Hauge**  
**Andreas Borlaug Horvei**

Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap  
Institutt for økonomi og administrasjon  
Bachelor i økonomi og administrasjon

**Innleveringsdato: 14.05.2020**

## Samandrag

I denne bacheloroppgåva drøftar me kor vidt økonomisk kriminalitet er utbreidd i norsk næringsliv, og årsakene til at ei bedrift eller enkeltpersonar i næringslivet, vel å delta i slike handlingar. Dette gjer me ved å gå gjennom lovverket og statistikken på området, gjennomføre ein litteraturgjennomgang, samle inn og analysere data frå personlege intervju.

Formålet med denne studien er å undersøke omfanget av korruption og underslag i norske bedrifter og kva faktorar som påverkar tilbøyeligheten til å utføre slike handlingar. Me ser på den typiske lovbrytaren og ulike risikosituasjonar. Gjennom studien har me erfart at informasjon om økonomisk kriminalitet er av sensitiv karakter og ber preg av hemmeleghald. I tillegg ser me også at statistikken er mangelfull på dette området. Som eit resultat av dette fann me det nødvendig å nytta ein meir kvalitativ tilnærming til oppgåvas problemstilling. Me valde derfor å gjennomføre semistrukturerte intervju, med seks respondentar som representerer ulike aktørar i samfunnet; to store bedrifter, ein revisor, ein korruptionsforskar, ein advokat, og ein seksjonssjef i Skatteetaten.

Det er brei einighet blant intervjuobjekta våre om at det er vanskeleg å fastslå omfanget av økonomisk kriminalitet i norsk næringsliv, og at dette i hovudsak kan grunngivast med at det ikkje er klart korleis ein skal fastslå denne typen kriminalitet. Samtidig kjem det fram at det er ein auke i denne typen brotsverk samanlikna med tidlegare. Ei av årsakene til dette er at det i dag er fleire metodar å utføre slik kriminalitet på, noko som kan relaterast til den stadige aukande utviklinga i teknologi. For å redusere økonomisk kriminalitet, kjem det tydeleg fram at dette kan oppnåast gjennom auka oppdagingsrisiko.

Vidare viser analysen at det er visse felles faktorar som kjenneteiknar den typiske lovbrytaren, der det ofte kan vere eit individ som sitter i ein posisjon med makt, kunnskap, innsikt og erfaring. Dette er gjerne ulike former for leiarstillingar, og individua er ofte risikosökande. I tillegg til dette, vil motivet bak dei kriminelle handlingane variere frå ynskje om personleg vinning til sosiale faktorar, som til dømes gruppetilhørsle. Me finn vidare at dei interne forholda i bedriftene me intervjuja, byggjer på nulltoleranse for økonomisk kriminalitet. Dette er implementert i ulike retningslinjer og kontrollmekanismar. Retningslinjene til selskapa legg vekt på at dersom medarbeidarane er i tvil om ei handling inneber korruption, skal dei ikkje utføra ho. Med dette ser me at funna våre er i samsvar med tidlegare undersøkingar.

## Summary

In this bachelor thesis, we discuss whether economic crime is widespread in Norwegian business and the reasons why companies or individuals in the business sector choose to participate in such actions. We do this through the assessment of legislation, a literature review and by applying an empirical approach. Mostly, we will take a closer look at corruption and embezzlement.

The purpose of this study is to investigate the extent of corruption and embezzlement in Norwegian companies and the factors that influence the propensity to perform such actions. We will also look at the typical infractor and various risk situations. In this study, we have found that it is quite challenging to get an overview of publicly available information on financial crime, and there is a lack of statistics in this area as well. As a result of this, we found it necessary to apply a more qualitative approach to the problem.

In the analysis, we find that there is a broad consensus among the respondents that it is difficult to determine the extent of economic crime in Norwegian business, and this is mainly due to the fact that it is not clear how to “count” this type of crime. At the same time, it appears that there is an increase in such delinquency compared to the 1980s, and one of the reasons for this is that a vast range of available methods have been developed to carry out such actions. To reduce financial crime, it is clearly stated that this can be achieved through increased detection risk.

Furthermore, it appears that there are certain common factors that characterize the typical offender, where there can often be an individual in a position of power, knowledge, insight and experience. In addition, the motive behind the criminal actions will vary from desire for personal gain to social factors. We find that the internal conditions in the two companies facilitate a zero-tolerance for financial crime, through various control mechanisms and guidelines.

## Føreord

Denne oppgåva markerer avslutninga på vårt 3-årige bachelorprogram i økonomi og administrasjon ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Sogndal våren 2020.

Arbeidet med denne oppgåva har vore lærerikt, og me sit igjen med mykje kunnskap om temaet me har studert. Studien har vore krevjande, men samtidig også svært spennande. Begge har fått auka engasjement og interesse for emnet gjennom denne perioden.

Me vil gjerne takke våre respondentar; Jan Arild Rømmen, Gemetchu Hika, Siri Hjellvik Lagmannsås, anonym revisor frå anonymt revisjonsselskap, Tina Søreide og Jan-Egil Kristiansen for at dei har stilt opp til intervju og gitt ei rekke interessante synspunkt og perspektiv til oppgåva. Desse har vore med på å styrke studien med kvar sine erfaringar og kvar sin kompetanse.

Til slutt ønskjer me å rette ei stor takk til rettleiaren vår, Torbjørn Årehun, for eit godt samarbeid, gode tips og innholdsrike innspel gjennom heile oppgåva.

Sogndal, 14.05.2020

---

Ingrid Raa Hauge

---

Andreas Borlaug Horvei

## Innhaldsliste

<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>2</b>
<b>SUMMARY .....</b>	<b>3</b>
<b>FØREORD .....</b>	<b>4</b>
<b>TABELL- OG FIGUROVERSIKT .....</b>	<b>7</b>
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>8</b>
1.1    INTRODUKSJON .....	8
1.2    PROBLEMSTILLING .....	9
1.3    AVGRENSNING .....	10
1.4    STRUKTUR I OPPGÅVA.....	10
<b>2. TEORI OG LITTERATURGJENNOMGANG .....</b>	<b>11</b>
2.1    OMGREPET ØKONOMISK KRIMINALITET OG UTVIKLING .....	11
2.1.1 <i>Korrupsjon</i> .....	13
2.1.2 <i>Underslag og økonomisk utruskap</i> .....	15
2.1.3 <i>Primær- og sekundærlovbrot</i> .....	17
2.2    MISLEGHALD .....	18
2.2.1 <i>Definisjon</i> .....	18
2.2.2 <i>Mislegaldstriangelet</i> .....	19
2.3    TEORIAR OM ØKONOMISK KRIMINALITET .....	21
2.3.1 <i>Ei bedrifts tilbøyelighet til å bestikke og drive korupsjon</i> .....	21
2.3.2 <i>Eit individs tilbøyelighet til å vere involvert: rasjonalitetsteori</i> .....	21
2.3.3 <i>Avgjersletakaranes eigennytte ved korupsjon</i> .....	23
2.3.4 <i>Frå individuelle intensiv til korupsjonsnivå</i> .....	24
2.3.5 <i>Korrupsjon som avgjersle</i> .....	25
2.3.6 <i>Ein leiars rolle i korupsjon</i> .....	26
2.4    KVEN UTFØRER SLIK KRIMINALITET? .....	26
2.4.1 <i>Den typiske gjerningspersonen</i> .....	26
2.4.2 <i>Korrupsjon</i> .....	30
2.4.2 <i>Underslag og økonomisk utruskap</i> .....	30
2.5    EFFEKTNEN AV ØKONOMISK KRIMINALITET.....	30
2.5.2 <i>Korrupsjon</i> .....	31
2.5.3 <i>Underslag og økonomisk utruskap</i> .....	32
2.6    KVITSNIPPSKRIMINALITET .....	32
2.6.2 <i>Definisjon</i> .....	32
2.6.3 <i>Årsakar til kvitsnippskriminalitet</i> .....	33
2.6.4 <i>Prinsipal-agent teorien i eit organisatorisk perspektiv</i> .....	34
2.6.5 <i>Kjenneteikn ved kvitsnippforbrytarar</i> .....	35
2.6.6 <i>Konsekvensar ved kvitsnippkriminalitet</i> .....	36
2.7    AVDEKKING AV ØKONOMISK KRIMINALITET .....	36
2.7.1    RAPPORTERINGSPLIKT.....	36
2.7.2    VARSLING .....	36
2.7.3 <i>Organisasjonskultur</i> .....	37
2.7.4 <i>Reaksjonar på varsling</i> .....	37
<b>3. VURDERING AV LOVVERK OG HANDHEVING I NOREG.....</b>	<b>38</b>
3.1    RELEVANTE LOVVERK.....	38
3.1.1 <i>Straffelova</i> .....	38
3.1.2 <i>Kvitvasking</i> .....	40
3.1.3 <i>Arbeidsmiljølova</i> .....	40
3.2    STRAFF .....	41
3.2.1 <i>Føretakstraff</i> .....	42
3.2.2 <i>Rettsøkonomiske føresetnadar for at straff skal ha effekt</i> .....	43

3.3	HANDHEVINGINSTANSAR I NOREG.....	44
3.3.1	<i>Justis – og beredskapsdepartementet</i> .....	44
3.3.2	ØKOKRIM .....	45
3.4	SAMARBEID MELLOM ULIKE INSTANSAR.....	45
3.4.1	<i>Koordinering av samarbeid</i> .....	46
3.4.2	<i>Tieplikta og samarbeid</i> .....	46
<b>4.</b>	<b>METODISK TILNÆRMING.....</b>	<b>48</b>
4.1	METODE OG FORSKINGSDESIGN .....	48
4.1.1	<i>Kvalitativ metode og kvantitativ metode</i> .....	48
4.1.2	<i>Primær- og sekundærdata</i> .....	49
4.2	VAL AV METODE.....	50
4.2.1	<i>Val av einingar til semistrukturert intervju/intervjuguide</i> .....	50
4.3	EVALUERING AV DATAMATERIALET.....	52
4.3.1	<i>Validitet</i> .....	52
4.3.2	<i>Reliabilitet</i> .....	53
<b>5.</b>	<b>PRESENTASJON AV RESULTAT OG DRØFTING .....</b>	<b>55</b>
5.1	FUNN FRÅ INTERVJU.....	55
5.1.1	<i>Funn: Omfanget av økonomisk kriminalitet</i> .....	55
5.1.2	<i>Funn: Den typiske lovbytaren</i> .....	59
5.1.3	<i>Funn: Årsaker til økonomisk kriminalitet</i> .....	61
5.2	OMFANGET AV ØKONOMISK KRIMINALITET.....	66
5.2.1	<i>Melde saker som mål på omfang</i> .....	66
5.2.2	<i>Oppdaging, oppklaringsprosent og varsling</i> .....	68
5.2.3	<i>Straff</i> .....	69
5.2.4	<i>Konklusjon</i> .....	70
5.3	DEN TYPISKE LOVBRYTAREN: BEDRIFT OG INDIVID .....	71
5.3.1	<i>Individet og stilling</i> .....	71
5.3.2	<i>Bedrifta og situasjonen</i> .....	72
5.3.3	<i>Konklusjon</i> .....	72
5.4	ÅRSAKER TIL ØKONOMISK KRIMINALITET .....	73
5.4.1	<i>Kva er årsakene til individ utfører økonomisk kriminalitet?</i> .....	73
5.4.2	<i>Kva er årsaka til at bedrifter tar del i korruption?</i> .....	73
5.4.3	<i>Konklusjon</i> .....	74
5.5	KORRUPSJON SOM SAMFUNNSPROBLEM .....	74
<b>6.</b>	<b>KONKLUSJON.....</b>	<b>75</b>
<b>VIDARE FORSKING .....</b>	<b>76</b>	
<b>LITTERATURLISTE.....</b>	<b>77</b>	
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>81</b>	
INTERVJUOBJEKTA .....	81	
INTERVJUGUIDE .....	82	

## Tabell- og figuroversikt

<i>Tabell 1: Melde og påtaleavgjorde saker i ulike kategoriar av kriminalitet .....</i>	<i>13</i>
<i>Tabell 2: Del personar fordelt på kjønn og kriminalitetstype .....</i>	<i>28</i>
<i>Tabell 3: Gjerningsperson/føretak, etter lovbrotskategori i prosent .....</i>	<i>29</i>
<i>Tabell 4: Mekanismar og konsekvensar av korruption .....</i>	<i>32</i>
<i>Figur 1: Misleghaldstriangelet .....</i>	<i>19</i>
<i>Figur 2: Korruption som avgjersle .....</i>	<i>25</i>
<i>Figur 3: Del av kvinner og menn totalt tal forhold etter kriminalitetstype .....</i>	<i>28</i>
<i>Figur 4: Melde lovbroter i kategorien økonomisk kriminalitet frå 1993 til 2014 .....</i>	<i>66</i>
<i>Figur 5: Melde lovbroter i kategorien korruption frå 2003 til 2018 .....</i>	<i>67</i>
<i>Figur 6: Melde lovbroter i kategoriane underslag og økonomisk utruskap frå 2003 til 2018 .....</i>	<i>68</i>
<i>Figur 7: Straffa personar i lovbrotskategorien korruption frå 2010 til 2018 .....</i>	<i>69</i>
<i>Figur 8: Straffa personar i lovbrotskategoriane underslag og økonomisk utruskap frå 2010 til 2018 .....</i>	<i>69</i>
<i>Figur 9: Sikta personar for økonomisk kriminalitet, etter kjønn og alder frå 2010 til 2014 .....</i>	<i>71</i>

# 1. Innleiing

## 1.1 Introduksjon

Temaet for denne bacheloroppgåva, innan økonomi og administrasjon, er økonomisk kriminalitet i norsk næringsliv. Norske verksemder er råka av ei rekke ulike former for økonomisk kriminalitet, og denne typen misleghald er ein stadig aukande trussel. I følgje STRASAK-rapporten<sup>1</sup> for 2019 var det ein auke på 260% i politimelde saker innanfor kategorien økonomisk kriminalitet, frå 2015 til 2019. I følgje ØKOKRIMs risikovurdering<sup>2</sup> har 70% av bedrifter i internasjonal samanheng, vore utsette for underslag (ØKOKRIM, 2014). I ein analyse gjennomført av PwC<sup>3</sup>, svarar 45% av bedriftene i Vest-Europa at dei har vore utsatt for økonomisk kriminalitet dei siste åra (PwC, 2016). I korruptionsmålinga Transparency International Corruption Perception Index<sup>4</sup>, har Noreg gjennom heile 2000-talet blitt rangert blant topp 15. Dette vil seie at Noreg er eit av dei landa der det førekjem minst korruption, vurdert etter CPI-indeksen. I 2018 kom Noreg på sjunde plass (Transparancy International, 2018). Mørketall vil alltid gjere det vankeleg å avgjere om slike undersøkingar reflekterer verkelegheita. Me har ei oppfatning av at fleire situasjonar og aktivitetar i norske bedrifter ofte kan hamne i ei juridisk gråsone, som eit uklart mellomområde som ikkje er definert av lovene.

På bakgrunn av statistikk og undersøkingar fekk me interesse for dette samfunnsproblemets, og kor vidt dette er relevant for norske bedrifter. Samtidig har det dukka opp store skandalar i norsk næringsliv, der aktørarar har blitt mistenkt og dømt for både korruption og underslag. Deriblant kom Yara-sakens<sup>5</sup> i søkerlyset i 2012, og er framleis i fokus, då dette er Noregs mest alvorlege korruptionssak. Økonomisk kriminalitet rammar så vel individ, som samfunnet og næringslivet. Samfunnet og næringsliv vil vere offer ved slik kriminalitet, som følgje av at det

<sup>1</sup> STRASAK-rapporten blir publisert årleg, og inneholder tal og statistikk kring politimeld kriminalitet og politiets straffesaksbehandling det gitte året.

<sup>2</sup> ØKOKRIM er spissorganet i politiet og påtalemakt for etterforskning og påtale av økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet (ØKOKRIM, 2019).

<sup>3</sup> PwC (PricewaterhouseCoopers) er eit globalt nettverk av firmaer innanfor revisjon, rådgiving og juridiske tenester.

<sup>4</sup> CPI (Transparency International Corruption Perception Index) er ein korruptionssindeks utarbeida av organisasjonen Transparency International, som har til formål å kjempe mot korruption.

<sup>5</sup> Yara International betalte stikkpengar til høgtståande tenestemenn i Libya og India. Fire tidlegare leiarar i selskapet stod tiltalt for grov korruption. Borgating lagmannsrett fann ein av dei tidlegare leiarane skuldig i grov korruption. ØKOKRIM gav også Yara som selskap eit førelegg på 295 millionar i 2014. Det heile dreier seg om avtalar om betaling av stikkpengar for om lag 12 millionar USD. Hendingane er skjedd i perioden 2004-2009 (ØKOKRIM, 2017).

mellan anna oppstår tap av tillit mellom økonomiske aktørar. Vidare vil det svekke samanhengen mellom private aktørarar og samfunnsøkonomisk lønnsem, og dermed kan det knytast til ein situasjon med færre aktørar og investeringar. Økonomisk kriminalitet er ei form for kriminalitet der potensialet for utbytte er stort, samtidig som både oppdagingsrisiko og reell straff er relativt låg. Økonomisk kriminalitet, som overordna området er velundersøkt, der det finst både statistikk og teoriar som er relevante. Likevel er det lite litteratur som belyser omfanget og spørsmål knytt til kvifor økonomisk kriminalitet er eit alternativ.

På bakgrunn av dette vil me i denne studien sjå nærmare på ulike former for økonomisk kriminalitet i Noreg, og årsakene til at nokre personar og bedrifter vel å ta del i denne typen kriminalitet.

## 1.2 Problemstilling

Korrupsjon og underslag er to av dei mange ulike formene for økonomisk kriminalitet, som ofte kan oppstå samtidig. Underslag kan grense mot korrrupsjon i fleire samanhengar. Grov korrrupsjon er den mest alvorlege forma for økonomisk kriminalitet, der straffelova §388 legg opp til at dette lovbrotet kan straffast med fengsel på inntil 10 år. Underslag er blant dei mest vanlege formene for økonomisk kriminalitet (ØKOKRIM, 2014). For å avgrense fokusområdet rundt temaet økonomisk kriminalitet, har me valt følgjande problemstilling:

*Kva er omfanget av korrrupsjon og underslag i norsk næringsliv og kva er årsakene til denne typen kriminalitet?*

Me har valt å formulere desse underproblemstillingane for å svare på hovudproblemstillinga:

- Kven er den typiske lovbrytaren?
- Korleis verkar dei relevante lovane på området inn på omfanget av økonomisk kriminalitet?
- Korleis verkar risiko for oppdaging inn på omfanget av økonomisk kriminalitet?

Problemstillinga tar sikte på å belyse om korrrupsjon og underslag er utbreidd i norsk næringsliv, og årsakene til at ei bedrift eller enkeltpersonar i næringslivet, vel å delta i korrrupsjon og gjennomføre underslag. Problemstillinga blir svara på ved å vurdere

verknadane av lovverk og handhevinga av dette, samt gjennomgang av litteratur, og empirisk metode.

### 1.3 Avgrensing

Økonomisk kriminalitet er eit omfattande tema, og derfor vil det vere ei rekke ulike sider som kan vere relevante å diskutere. Derimot vil denne oppgåva i hovudsak fokusere på to former for økonomisk kriminalitet; korruption og underslag. På denne måten ser me vekk frå andre former for lovbroter på det økonomiske området. Vidare er studien avgrensa til norske selskap, og er derfor prega av eit norsk perspektiv. Me har også valt å ikkje skilje mellom offentleg og privat næringsliv, og næringslivet blir derfor definert som summen av desse to. På denne måten ekskluderer me problemstillingar kring offentleg forvalting. Oppgåva går breitt ut då det gjeld bransjar, og me skil ikkje mellom dei ulike bransjane i norsk næringsliv. Likevel vil studien skilje mellom bedrifter med nasjonalt engasjement og bedrifter med internasjonalt engasjement. Dessutan har vi valt å unngå å skilje mellom storleiken på bedrifter, og kor vidt dette verkar inn på omfanget av økonomisk kriminalitet. Konsekvensane av økonomisk kriminalitet vil bli nemnt, men studien fokuserer likevel i mindre grad på dette området. Oppgåva er prega av eit økonomisk perspektiv, men der lovverket også spelar ei sentral rolle. Dette inneberer at studien baserer seg på økonomisk teori, empiri, lovverk og rettshandheving.

### 1.4 Struktur i oppgåva

Oppgåva er delt inn i seks kapittel, der me i dette første kapittelet tek føre oss tema, bakgrunn og tilhøyrande problemstilling. Kapittel to fokuserer på teoriar og litteratur som er relevant for problemstillinga, som i hovudsak tar utgangspunkt i ulike modellar for økonomisk kriminalitet. Vurdering av lovverk og handheving finn ein i kapittel tre. Kapittel fire består av metodisk tilnærming, med nærmare forklaring kring val av metode. I kapittel fem analyserer og diskuterer me funna i det innsamla datamaterialet opp mot teori, før me konkluderer i kapittel seks.

## 2. Teori og litteraturgjennomgang

Innleiingsvis blir omgrepa som er relevante for denne studien presentert. Me tek føre oss utviklinga i omfanget av økonomisk kriminalitet i Noreg, og ser på historiske element. Vidare presenterer me ulike kjenneteikn ved korruption og underslag, og korleis spesielt korruption kan henge saman med anna sekundærkriminalitet. Omgrepet misleghald vil også bli diskutert. Deretter vil ulike teoriar om tilbøyeligheten for å ta del i korruption og anna økonomisk kriminalitet få fokus i dette kapittelet. Me vil også ta føre oss ulike formlar og modellar innanfor dette emnet. Kvitsnippskriminalitet, som fenomen vil også bli drøfta. Avslutningsvis vil me legge vekt på moglege årsaker til at personar og bedrifter tek del i økonomisk kriminalitet, og effekten av det å delta.

### 2.1 Omgrepet økonomisk kriminalitet og utvikling

Økonomisk kriminalitet skjer ofte i samband med, og i tilknyting til eit selskap. Eit selskap er «*ei økonomisk verksemd som blir utøvd av to eller fleire deltakarar for felles rekning eller risiko*», jf. selskapslova §1-1 (1). Omgrepet økonomisk kriminalitet er ikkje lovbestemt definert, men ØKOKRIM definerer dette som: «*profittmotiverte, lovstridige handlingar som ofte blir gjort innanfor eller med utspring i ei økonomisk verksemd som i seg sjølv er, eller gjev seg ut for å vere lovleg*» (ØKOKRIM, 2017). På denne måten kan ein seie at slik kriminalitet omfattar alle ulovlege handlingar der økonomisk gevinst er motivet, formalet og resultatet (Gottschalk, 2010). Økonomisk kriminalitet blir ofte kjenneteikna av at den i hovudsak rettar seg mot samfunnet, store organisasjonar og verksemder, og i mindre grad mot enkeltpersonar. Dei individuelle motiva for å melde den kriminelle handlinga er derfor ofte ikkje til stades på same måte som ved anna type kriminalitet. Dette gjer det vanskeleg å etterforske og avdekke omfanget av økonomisk kriminalitet. Omgrepet dekker handlingar som er utført av både interne og eksterne aktørar. Den kriminelle handlinga kan både vere utført mot verksemda, men også på vegne av verksemda (Kristoffersen, 2014, s.422). Dette tilhøvet kan ein knyte til omgrepet selskapskriminalitet, som blir definert som kriminalitet gjort av tilsette innafor deira arbeidsområde med det formålet å oppnå fordelar for selskapet.

Det finst ei rekke ulike typar økonomisk kriminalitet, og ein kan dele omgrepet inn i kategoriar. Petter Gottschalk skil mellom bedrageri, tjuveri, manipulering og korruption, der kvar kategori inneheld fleire undergrupper (Gottschalk, 2010). I denne studien fokuserer me

på korruption og underslag, der sistnemnde fell under kategorien bedrageri. Underslag er knytt til økonomisk utruskap. Vidare vil me diskutere kvitvasking opp mot korruption, som i seg sjølv er ein del av kategorien manipulering.

Det eksisterer likevel mange gråsoner innanfor eit selskap sitt økonomiske handlingsrom. Dette kan gjere det utfordrande å trekke klare linjer mellom kva som er i strid med juridiske vilkår, og kva som er innanfor lova. ØKOKRIMs trusselvurdering for 2015-2016 fokuserer på at selskap og leiing nyttar seg av profesjonelle aktørar, for å legge til rette for handlingar som er i gråsona mellom kriminalitet og fortolking av regelverket til eigen fordel (ØKOKRIM, 2014).

Utviklinga av økonomisk kriminalitet har nær tilknyting til endringa i straffelova, som kom i 2003 (Transparency International, 2019, s.4). Transparency International skriv i avisas Korrupsjonskampen om forhold i norsk næringsliv som la til rette for korruption og økonomisk kriminalitet. Det kjem av dette fram at frå midten av 1990-talet fekk norske bedrifter skattefrådrag for utgifter til smørjing og bestikking utanfor landet. Det betyr at det ikkje var straffbart for leiarar og tilsette å betale bestikkingar på vegne av bedrifta, så lenge ein ikkje forsøkte å bestikke offentlege tenestemenn. Denne kulturen heldt fram til straffelova fekk paragrafar som ramma nettopp dette, og gjorde korruption ulovleg. Noreg ratifiserte OECD-konvensjonen om korruption i 1998, og i 1999 underteikna Noreg Europarådskonvensjonen som gjeld korruption. I 2003 kom, som nemnt, noverande korruptionsvedtekter. Dette gjorde at norsk lovgivnad var i tråd med internasjonale forpliktingar.

Økonomisk kriminalitet utgjer berre ein liten del av alle registrerte lovbrot, ni prosent i 2019 (Politiet, 2019). Mørketala er store, og kriminalitetsforma kan likevel vere ein alvorleg trussel mot enkeltpersonar og strukturar i næringslivet. Endå meir alvorleg er kanskje den trusselen økonomisk kriminalitet kan utgjere mot samfunnsstrukturar som velferdsstaten og demokratiet (ØKOKRIM, 2016). ØKOKRIM påpeikar at fleire av dei norske sakene som omhandlar økonomisk kriminalitet har vore alvorlege, og dette er ein type kriminalitet som ikkje treng stort omfang for å vere ein stor trussel. I frå 2015 til 2019 var det ein prosentvis auke i politimelde økonomilovbrot på 261,3%. Alminnelege bedrageri blei i oktober 2015 flyttta frå kriminalitetstypen vinning til økonomi. I tillegg sorterer ein no og identitetskrenkingar, etter straffelova §202, under kategorien økonomilovbrot. På bakgrunn av

desse endringane legg STRASAK-rapporten vidare til grunn at den reelle auken i kriminalitetstypen økonomi i femårsperioden mogleg kan vere 17,6%.

*Tabell 1: Melde og påtaleavgjorde saker i ulike kategoriar av kriminalitet (Strasak, 2019).*

Kriminalitetstype	Anmeldelser				Påtaleavgjorte saker				
	2019	Prosent endring 2018-19	Prosent endring 2015-19	Andel	2019	Prosent endring 2018-19	Prosent endring 2015-19	Andel	Oppklaringsprosent
Vinning	66 936	0,5 %	-28,5 %	32 %	67 256	0,5 %	-29,0 %	32 %	22 %
Iratikk	35 380	-1,9 %	-1,1 %	17 %	35 103	-0,5 %	-10,2 %	17 %	85 %
Annен*	25 624	2,1 %	-21,3 %	12 %	26 033	6,4 %	-19,8 %	12 %	71 %
Vold	21 882	0,6 %	21,9 %	11 %	22 419	6,7 %	26,6 %	11 %	56 %
Narkotika	21 519	-5,9 %	-28,6 %	10 %	22 785	-2,6 %	-28,7 %	11 %	79 %
Økonomi	17 781	-6,7 %	261,3 %	9 %	17 966	-1,1 %	243,8 %	9 %	33 %
Skadeverk	11 804	5,0 %	3,2 %	6 %	11 973	6,6 %	5,3 %	6 %	21 %
Seksuallovbrudd	4 511	-25,5 %	22,2 %	2,2 %	5 618	-4,7 %	82,0 %	2,7 %	66 %
Miljø	1 397	10,0 %	-4,2 %	0,7 %	1 217	3,0 %	-9,5 %	0,6 %	58 %
Arbeidsmiljø	496	-13,1 %	-9,0 %	0,2 %	606	9,4 %	13,3 %	0,3 %	69 %
<b>Totalsum</b>	<b>207 330</b>	<b>-1,5 %</b>	<b>-11,7 %</b>	<b>100 %</b>	<b>210 976</b>	<b>1,4 %</b>	<b>-11,2 %</b>	<b>100 %</b>	<b>51 %</b>

### 2.1.1 Korruption

Korruptionsomgrepet blir definert som «*det å bestikke eller ta i mot bestikkingar i form av pengar, gåver eller tenester*» (ØKOKRIM, 2017). Transparency International definerer korruption som misbruk av makt i tiltrudde stillingar til privat fordel. Korruption kan også sjåast på som tjuveri av politiske, sosiale og økonomiske goder frå befolkninga. Vidare vil korruption seie at enkeltpersonar eller selskap oppnår visse fordelar gjennom misbruk av myndigkeit eller makt gjennom jobben ein har (Søreide, 2013, s. 30). Korruption handlar om at avgjersler som skulle vore gjort til det beste for fellesskapet, blir selde og kjøpte til fordel for enkeltindivid. Den typiske forma er bestikkingar, men det kan også omfatte favorisering, nepotisme<sup>6</sup> eller andre former for korruption (Eriksen, 2014, s.14). På ein anna måte kan ein seie at ein person som forsøker å bestikke eller betale ein offentleg tilsett, oppnår ein fordel som ein i utgangspunktet ikkje har rett på, og at den tilsette nyttar midlane til eige eller andre sitt forbruk. I praksis kan dette til dømes vere at ein tilbyr fordelar utanfor avtalen, for å få kontraktar i hamn. Slike lovbroter oppstår ofte i situasjonar ved høgt eksternt press og der

<sup>6</sup>Nepotisme er å gi slektingar urettmessige fordelar, til dømes ved tildeling av embeter og andre stillingar. Ein slik praksis kan i grove tilfeller bli sett på som ei form for diskriminering eller korruption, og vil då vere i strid med lova eller straffbare (Thorsen, 2019).

konkuransen er stor. Kor vidt ei bedrift ønskjer å ta del i korruption, er ofte avhengig av kor effektiv den er samanlikna med sine konkurrentar (Søreide, 2013, s.151). Slike avtalar kan vere vanskeleg å oppdage, ettersom både det å gi og ta i mot ein slik fordel kan føre til straff, og derfor er det ingen av partane som har fordel av å varsle.

Ein kan skilje mellom aktiv og passiv korruption. Den som gir eller tilbyr ein utilbørleg fordel vil vere den aktive parten i dette forholdet. På den andre sida vil den som aksepterer tilboden eller mottek den utilbørlege fordelen, drive passiv korruption. Passiviteten er også knytt til at ein for seg sjølv eller andre krev ein utilbørleg fordel. Dette inneber at ein både som givar og mottakar av ein slik fordel kan siktast for korruption (Elden, 2017).

Korruption skjer ofte under visse føresetnadar. Carson et al. (2017) hevdar at eit første sett med vilkår gjeld trekk ved sjølve avgjersla. Det er fare for korruption i tilfeller der avgjersletakaren har fått tillit til å utføre skjønn i sitt arbeid. Om heile eller delar av avgjersla blir heldt hemmeleg, vil dette auke risikoen for korruption. Eit anna sett med vilkår gjeld trekk ved sjølve saken, herunder marknaden, varene og verdiane. Jo større verdiar, desto større er freistungane til å gjennomføre eit lovbro. Eit tredje sett med føresetnadar gjeld trekk ved dei institusjonane som driv kontroll av handel og avtaleinngåing i eit land. Relevante faktorar som spelar inn her er verdigrunnlaget som ligg til grunn for antikorruptionsarbeidet i det gitte landet, og kor vidt desse institusjonane har ressursar til å førebyggje og straffe korruption (Carson, Kosberg, & Skauge, 2017, s.251).

Bedrifta kan hindre at sjølv ei stor bestikking blir oppdaga, ved at denne blir bokført og implementert som ein faktisk kostnad i bedriftsrekneskapet. Om ei bedrift til dømes brukar bestikkingar for å vinne ein anbodskonkurranse, kan utgelta «forsvinne» eller skjulast på fleire måtar. Profitbaserte bestikkingar blir betalt av allereie oppsparte midlar i bedrifta, som inneber at ein nyttar tidlegare profitt som betalingsmiddel. Utgelta forsvinn ikkje, men den påverkar heller ikkje vidare drift som følgje av at ein ikkje brukar noko av det løpende driftsoverskotet. Overskotsbaserte bestikkingar blir dekka av inntekter som opparbeidast under utføringa av den aktuelle aktiviteten som følgjer av sjølve bestikkinga. Dette kan skje ved at bedrifta til dømes kan leve i årlegare kvalitet enn den elles ville ha gjort, og med dette tilpassa arbeidet slik at bedrifta sikrar overskot til bestikkinga.

Korrupsjon er eit omfattande problem, som har store samfunnsmessige skadeverknadar. Denne typen økonomisk kriminalitet utgjer ein trussel mot rettsstaten, demokratiske prosessar, menneskerettar og sosial rettferd (ØKOKRIM, 2017). Konsekvensar av korrupsjon kan mellom anna vere at kontraktar ikkje blir inngått med leverandørarar som er best kvalifisert, personar som ikkje er kvalifiserte blir tilsett og ein får ein auke i sosial og økonomisk ulikskap. Dette kan sjåast i samanheng med at personar som er ressurssterke i utgangspunktet sit i stillingar og posisjonar som gjer at dei har høve til å utføre økonomiske brotsverk. Desto meir korrupsjonen påverkar avgjersler slik at utfallet blir annleis enn det elles ville ha vore, til meir skadeleg kan det vere for samfunnet (Eriksen, 2014, s.24).

Det har vore fleire store korrupsjonssaker i Noreg, i seinare tid. Tidlegare Statoil, no Equinor, inngjekk i 2002 ein avtale med eit iransk selskap, Horton Investment Ltd. Avtalen innebar at Horten skulle utføre konsulenttenester for Statoil i forbinding med Statoil sitt engasjement i Iran. For desse tenestene skulle Statoil etter avtalen betale 15,2 millionar dollar til Horton, over ein periode på 11 år. Denne saka blei avdekkja av Statoils internrevisjon, og på det tidspunktet var om lag ein tredjedel av totalsummen av avtalen utbetalt. I realiteten innebar dette at Statoil hadde drive ulovleg påverknadshandel etter straffelova §276. ØKOKRIM innleia etterforsking, og dette enda med ei bot på 20 millionar kroner som Statoil stod ansvarlege for. I tillegg blei selskapets tidelegare direktør for internasjonal verksemd, pålagt ei bot på 200 000 kroner (Transparency International Norge, 2019).

I følge ØKOKRIMs risikovurdering for 2015-2016 ventar ein at korrupsjon i norske verksemder vil auke noko, på tross av auka fokus på antikorrupsjonsarbeid. For norske bedrifter som opererer i utlandet er det potensielt store økonomiske gevinstar for føretaka ved å oppnå kontraktar, noko som aukar freistnaden til å nytte stikkpengar. PwC Global Economic Crime Survey for 2014 viser at bestikkingar og korrupsjon på internasjonalt plan har auka med 13 % samanlikna med førre undersøking (ØKOKRIM, 2014).

## 2.1.2 Underslag og økonomisk utruskap

Underslag og økonomisk utruskap er karakterisert ved brot på tillitsforhold mellom prinsipalen (den fornærma) og gjerningspersonane (ØKOKRIM, 2014). Underslag omfattar handlingar der ein person på uberettiga måte bevisst tileignar seg, nyttar pengar eller gjenstandar som ein besitter, men som tilhøyrer ein annan. Økonomisk utruskap er nært

beslektat med underslag. Dette vil seie at ein styrer eller har tilsyn med ein annan sine interesser, og utfører handlingar for å oppnå uberettiga vinning for seg sjølv eller andre (Bamle m.f, 2019, s. 158).

Forholda omfattar alt frå underslag i kasse eller sal av gjenstandar som ikkje tilhøyrer vedkommande, til grovt utruskap i eit selskap. Det er ofte personar i ei ansvarsfull stilling som utfører denne typen lovbro, og dette er då personar med god kompetanse og som enkelt kan skjule lovbroten. I følge Global Economic Crime Survey frå 2014 kjem det fram at omrent 70% av verksemndene som har vore utsett for økonomisk kriminalitet, har opplevd økonomisk utruskap eller underslag. I Noreg utgjer denne typen kriminalitet 20% av den politimelde økonomiske kriminaliteten. Underslag og økonomisk utruskap kan i mange tilfelle grense til korruption, som til dømes samanblanding av selskapsøkonomi og eigarens økonomi. Underslag og økonomisk utruskap er ofte kjenneteikna ved at det krev god planlegging, og tilverknad av falske fakturaer i kombinasjon med feilførte rekneskap som må til for å skjule aktiviteten.

Underslag skil seg frå tjuveri og utpressing ved at gjerningspersonen ikkje legg beslag på eit beløp, men stel av verdiar som er tiltenkt andre, og som gjerningspersonen kontrollerer (Søreide, 2013, s.34). Ved episodar av grove underslag, er gjerningspersonen som oftast ein nøkkelperson i verksemda. Tilsette med høge posisjonar har god kjennskap til kontrollrutinar som er etablert, og dermed vil det vere lettare å utføre underslagstransaksjonar som vil vere vanskeleg å avdekke under vanlege kontrollar. Ved slike situasjonar, kan det til og med også vere vanskeleg for selskapets revisor å oppdage grove underslag ved sine revisjonshandlingar (Bamle et al., 2019, s.158).

Underslag kan vere motivert av ei rekke forhold. Det er i midlertidig ei nær samanheng med elementa i misleghaldstriangelet, som me kjem nærmare inn på i kapittel 2.2. Moglegheit, motiv, press og rettferdiggjering er sentrale faktorar som spelar inn her. Den som gjennomfører underslag har ofte økonomiske problem. Gjerningspersonen vil i mange tilfeller rasjonalisere underslagshandlingane ved å hevde seg därleg behandla, og at han er underbetalt eller liknande. Svake kontrollrutinar og låg oppdagingsrisiko vil auke sannsynet for at det blir utført misleghald i verksemda. I fleire tilfeller vil ofte tips vere avgjerande for om underslag blir oppdaga. Den som tipsar er ofte ein tilsett eller har ei form for forretningsforbinding med

selskapet. For å sikre at kritikkverdige forhold blir varsle om, er det nødvendig at den gitte bedrifta har etablert gode rutinar på området (Bamle et al., 2019, s.160).

Underslag kan ofte skje av nøkkelpersonar som ikkje deler sentrale arbeidsoppgåver med andre, og sit på både ansvar og innsyn i akkurat desse oppgåvene åleine. Arbeidsdeling og kontrolloppgåver vil gjere det vanskelegare å utføre underslag, og er viktige tiltak for ei bedrift. Personar med einefullmakt i bank kan utnytte denne situasjonen, og det vil då vere lett å føreta seg ei kriminell handling som seinare kan skjulast. Dette er ein avgjerande faktor i underslagssaker, der det medarbeidrarar sit med vide fullmaktar og har rett til å disponere selskapets bankkonto åleine (Bamle et al., 2019, s.161).

I 2014 blei ein mann dømt for underslag av til saman 20,9 millionar kroner frå to norske selskapa (her: X og Y). Frå november 2009 til november 2011 var vedkommande tilsett som rekneskapssjef i X. Han blei vidare tilsett som økonomisjef i Y. Underslaget blei avdekka ved tilfeldigkeit, ved at politiet mottok ei varsling frå Skatt Øst angåande eit anna firma. I denne anmeldinga stod dåverande økonomisjef i Y oppført som mistenkt. Økonomisjefen kunne gjennomføre dette underslaget som følgje av at han hadde sikra seg einefullmakt til bankkontoar. Dette skjedde i 2010, då Y bytta bankforbinding frå dåverande bank (bank 1) til ein annan (bank 2). Økonomisjefen hadde i oppgåve å leie dette arbeidet. Ved inngåing av nettbankavtalen med bank 2, fekk økonomisjefen tildelt einefullmakt (Bamle et al., 2019, s.163). På denne måten ser ein kor viktig arbeidsdeling og kontrollrutinar, samt risikoen ved at tilsette sit med einefullmakter.

### 2.1.3 Primær- og sekundærlovbrot

Det er viktig å skilje mellom primær- og sekundærlovbrot. Kvittvasking og heleri blir ofte sett på som typiske sekundærlovbrot som oppstår som ein konsekvens av primærlovbrotet. Desse lovbrotta er sjølvstendige kriminelle handlingar der straffelova gjeld uavhengig om primærlovbrotet kan bevisast eller ikkje. Kvittvasking er definert som «*einkvar transaksjon som bidreg til å skjule opphavet til pengar som stammar frå ei kriminell handling*» (Kristoffersen, 2014, s.431). Formålet med kvittvasking av pengar er å kamuflere utbyttet frå straffbare handlingar. For at ein skal nytte seg av midlane og fordelane ein oppnår ved den straffbare handlinga, må denne integrerast i den legale økonomien. Denne typen av økonomisk kriminalitet skjer, som nemnt, ofte i samanheng med ei rekke ulike

profittmotiverte straffbare handlingar. Dette kan mellom anna vere underslag, bedrageri og korruption (ØKOKRIM, 2017). Kvitzasking er den prosessen som gjer at lønnsemda potensielt aukar og ein kan avgrense risikoen for at primærlovbrotet blir avdekkja. Kvitzasking i seg sjølv er ein kostnad, då ein må nytte ressursar, tid og pengar, for å gjennomføre prosessen. Likevel kan ein seie at det oppstår ein nettogevinst ved kvitzasking, då oppdagingsrisiko blir redusert og det kan vere mogleg å nytte utbytte frå primærlovbrotet.

Bamle og Bruu definerer kvitzasking som tre trinnvise prosessar. I den første fasen vil utbyttet frå dei straffbare handlingane bli plassert i bankar og finansinstitusjonar, eller bli nytta kontant ved kjøp av gjenstandar. Fasen blir kalla plasseringsfasen, og det er her størst moglegheit for andre å avdekke at midlane blir forsøkt kvitvaska. I neste fase vil utbyttet frå dei straffbare handlingane kamuflerast, som regel ved at midlane kanaliserast<sup>7</sup> gjennom fleire transaksjonsledd, ofte via selskap i fleire land. Transaksjonane blir dekka til ved å gi inntrykk av at det berre dreier seg om ordinær forretningsverksemd. Integreringsfasen er kvitzaskinga sin siste prosess, og på dette stadiet vil utbyttet oppfattast som lovleg erverva midlar. Her vil ein nytte utbyttet utan høg risiko for at det skal bli oppdaga at det stammar frå kriminelle handlingar (Bamle m.f, 2019, s.195)

Kvitzasking kan gjennomførast ved ei rekke metodar, og det kan gjerne skje i forbinding med både underslag og korruption. Denne studien vil ikkje gå nærmare innpå kvitzasking som overordna fenomen.

## 2.2 Misleghald

### 2.2.1 Definisjon

Omgrepet misleghald kan knytast til økonomisk kriminalitet. Misleghald er bevisste handlingar som er gjort av personar i verksemdas leiing, med overordna ansvar for styring og kontroll, og av tilsette eller av andre der handlinga inneberer uærlegdom for å oppnå urettmessige eller ulovlege fordelar (Bamle et al., 2019, s.18). Misleghald rettar seg derfor i stor grad mot verksemdas interne forhold. Ein kan vidare diskutere om misleghald er samanfallande med økonomisk kriminalitet. Misleghald kan omfatte forhold som famnar vidare enn økonomisk kriminalitet. Likevel vil denne oppgåva legge til grunn at desse to


<sup>7</sup> Kanalisere tyder «å grave kanal gjennom land» og «føre i ei viss retning» (Brudevoll, 2014).

omgrepa representerer same innhold, der både korruption og underslag fell inn under definisjonen misleghald.

## 2.2.2 Misleghaldstriangelet

Kriminolog Donald Cressey lanserte i 1953 ein misleghaldsteori, der dei tre faktorane motivasjon, moglegheiter og haldingar er grunnleggjande ved utøvinga av misleghald. Haldingar kan vere knytt til omgrepet rasjonalisering. Innhaldet i, og samanhengen mellom dei tre faktorane forklairst via mishaldstriangelet.

*Figur 1: Misleghaldstriangelet (Energi Norge, 2017)*



Kilde: Cressey, 1973

Utgangspunktet for gjennomføring av misleghald vil vere press eller incentiv. Det er store ulikskapar i kva slags motiv som ligg til grunn for gjennomføring av misleghald, anten det blir utført av tilsette internt i verksemda eller eksternt. Ved misleghald gjort av tilsette, vil det ofte vere gjerningspersonens økonomi eller privatliv som er ein utløysande faktor for lovbrota. Press og incentiv knytt til verksemdsrelaterte forhold kan også motivere til misleghald. Sviktande sal eller manglande oppnåing av resultatløft kan vere ein utløysande faktor. Misleghald mot verksemda som er gjort av eksterne aktørar, vil ofte vere profittmotivert (Bamle m.f, 2018, s.20).

Vidare er moglegheiter avgjerande for utøvinga av misleghald. Ein føresetnad for å kunne gjennomføre misleghald er at det eksisterer moglegheiter for å utføre dei ulovlege handlingane. Herunder ligg det ein føresetnad om at ein potensiell lovbryster må oppfatte oppdagingsrisiko som låg. Dette vil seie at i verksemder med svak internkontroll, der oppfatninga av å bli oppdaga er lågare enn i verksemder med gode rutinar, kan det ofte oppstå økonomisk kriminalitet. Det er ein klar samanheng mellom kvalitet på kontrollrutinar og moglegheitane for å bli ramma av misleghald. Moglegheitene og risikoen for at ei verksemd blir utsatt for misleghald må vidare vurderast ut i frå ei rekke forhold, mellom anna verksemdas art og størrelse. Vide fullmakter og rettar vil også auke risiko for misleghald. Eit mønster i store misleghaldssaker er at gjerningspersonen er ein tilsett som sit i ein nøkkelposisjon, med stor tillit. Vedkommande har vore i stand til å gjennomføre lovbroten utan ettergåande kontroll. På bakgrunn av dette kan ein seie at moglegheitsaspektet er avhengig av både kor vidt handlinga er gjennomførbar, samt oppdagingsrisiko. Dessutan vil forventa reaksjon ved oppdaging også vere viktig for den eventuelle gjerningsperson sin vurdering av moglegheita for å utføre misleghald (Bamle et al., 2018, s.20).

Den tredje faktor i misleghaldstriangelet er haldingar, eller rasjonaliseringsprosessen. Dette handlar om korleis gjerningspersonen nyttar ulike teknikkar for å forsøke å rettferdiggjere dei uredelege handlingane. Haldingane vil i stor grad vere påverka av korleis leiinga fokuserer på etiske retningslinjer og korleis ein sørger for etterleving av desse, med oppfølgande kontrollar og liknande. Rasjonaliseringsprosessen blir vidare diskutert i kapittel 2.3.

Det vil vere gitte situasjonar som representerer ein større risiko for at det skjer misleghald. Dette kan til dømes vere verksemder som er i oppstartfasen eller i fasar med sterk vekst. Dette inneber ofte ein mangelfull internkontroll som igjen gir ein auka fare for å bli ramma av ulovlege handlingar. Tilsvarande kan store strukturelle endringar i verksemda føre til at verksemdas interne kontrollar sviktar, og dette resulterer i auka risiko for misleghald (Bamle et al., 2019, s. 21).

## 2.3 Teoriar om økonomisk kriminalitet

### 2.3.1 Ei bedrifts tilbøyelighet til å bestikke og drive korruption

Tina Søreide har utvikla ein teori som viser samanhengen mellom ei rekke faktorar knytt til ei bedrifts tilbøyelighet til å tilby bestikkingar (Søreide, 2013, s.56). Ei bedrifts tilbøyelighet til å tilby bestikkingar kan etter denne teorien definerast slik:

$$Y_i = \alpha F_i + \beta S_i + \gamma C_i + \delta,$$

der  $Y_i$  er bedrifa i sin tilbøyelighet til å tilby bestikkingar gitt antaking om korrupt avgjersletakar.  $F_i$  står for fakta om bedrifta. Relevante faktorar som verkar inn her er då om bedrifta er utanlandsk eller lokal, storleiken på bedrifta og korleis eigarskapet er strukturert. Vidare er nettverket, alliansen av samarbeidande bedrifter og typiske oppdrag for bedrifta sentralt i denne samanheng.

Vidare står  $S_i$  for fakta om sektoren som bedrifta er ein del av, og dette verkar derfor inn på ei bedrifts tilbøyelighet for å tilby bestikkingar. Konkurranseforhold og storleiken på kontraktar spelar ei viktig rolle i følgje denne teorien. Samt vil anbodsreglar og allokering av risiko påverke kor vidt ei bedrift tek del i korruption. Dette inneber at desto større fare det er for underskot i ei gitt bedrift, desto større er freistnaden til å drive korruption. Oppfatning av korruption og omfanget av dette i den gitte sektor, vil påverka ei bedrifta sin tilbøyelighet. Statleg regulering vil også spele ei viktig rolle.

Fakta om landet,  $C_i$ , er også relevant for kor vidt ei bedrift tek del i korruption. Herunder hevdar Søreide at politisk ansvarlegheit og utviklingsnivå der den gitte bedrifta er lokalisert, vil vere sentrale faktorar. Landets rettssystem og oppfatta korruptionsnivå kan også påverke.

### 2.3.2 Eit individus tilbøyelighet til å vere involvert: rasjonalitetsteori

Ein økonomisk forståing av kvifor nokon er involvert i korruption, vil ta utgangspunkt i enkeltindividets incentiv og handlingsrammer. Korruptionsnivået i eit land kan reknast som den aggregerte konsekvensen av at individ i bestemte situasjonar vel å ta del i korruption. Incentivteorien, også kjend som rasjonaliseringsteorien, er eit økonomisk verktøy for å forstå dei vala enkeltpersonane treff. Dette kan knytast til misleghaldstriangelet som tidlegare er diskutert. Ein kan ofte tenke seg at ein bevisst gjer val på bakgrunn av å vurdere fordelar og ulemper opp mot kvarandre, for å nå eit mål (Søreide, 2013, s.84). At eit individ opptrer

rasjonelt er ikkje det same som å gjere det som er fornuftig. Å handle rasjonelt vil i staden tyde på at individet er bevisst på sine avgjersler og tek desse i tråd med sine mål.

Økonomen Gary Becker forstod kriminalitet ut i frå ei kostnad-nytte vurdering, der personen vektar forventa gevinst i forhold til moglege tap. Fordelane og ulempene ved økonomisk kriminalitet er som oftast ikkje heilt kjend for personen, og utrekninga må skje på grunnlag av eit estimat av forventa gevinst. Mogleg tap er knytt til straffe- og eller erstatningsansvar i lys av risiko for å bli avslørt og saksøkt, så vel som tap av stilling, omdømme eller andre personlege tap. Becker (1968) antek at ein person vil utføre eit lovbrotdersom den forventa nytta av lovbrotd overstig den forventa nytta av å bruke tid og ressursar på andre aktivitetar. Rasjonell åtferd vil då seie at ein vel å utføre ei kriminell handling dersom fordelen er større enn den forventa straffa. Individ vil vere i stand til å utføre lovbrotd om summen av fordelar overgår kostnadane (Søreide, 2013, s.84).

Rasjonalitsantakinga blir nytta for å forstå val, ved å identifisere optimal tilpassing, gitt eit mål og ulike avgrensingar. Kjerna i teorien er antakinga om samsvar mellom kva eit individ ønsker å oppnå, og kva val det gjer i praksis. Denne teorien inneber at ein kan rangere dei moglege handlingane i forhold til kor effektivt dei fører til at individets mål blir oppnådd. Rasjonalitet er også retta mot effektiv bruk av all tilgjengeleg informasjon, og basert på antakingar om at individ har nok tid til å vurdere alternativ. Ein kan bruke rasjonalitsantakinga for å forstå økonomisk kriminalitet, og denne antakinga fungerer som eit middel for å forstå menneska sin åtferd (Søreide, 2013, s.87). Teorien om rasjonelle val fokuserer i hovudsak på at kriminalitet blir gjennomført når gevinsten er større enn kostnaden. Dette inneber at jo større sjansen for å bli oppdaga og jo strengare straff ein potensielt kan få, desto mindre attraktivt er det å utføre kriminelle handlingar. Teorien tilseier vidare at rasjonelle individ vil vri sin åtferd i retning av handlingar som vil gi betre tilfredsstilling av behova (Gottschalk, 2010, s.102).

Rasjonell tilbøyelighet til å vere kriminell blir bestemt av forventa gevinst, som er lik forventa verdi av lovbrotd utan å bli avslørt subtrahert med forventa verdi av lovbrotd om ein blir straffa. Forventa verdi av gevinst og tap er avhengig av sannsynet for at lovbrotd blir avslørt. Estimert nytte for eit individ som vurderer å vere kriminell er i følgje Søreide (2013):

$$EU(x;y) = (1-p(x;y)) * U(x) + p(x;y) * U(s(x;y)),$$

der EU er forventa nytte,  $x$  er individets kriminalitetsnivå og påfølgjande vinning,  $y$  er gjeldande lovregulering mot kriminalitet.  $P$  er eit symbol for sannsyn for å bli avslørt og straffa, medan  $U$  er nytte. Me ser av modellen at antatt mål på forventa nytte er ein funksjon av  $x$ ,  $y$ ,  $s$  og  $p$ .

Kriminalitet vil vere føretrekt om den forventa nytta er positiv, der  $EU>0$ . Om straffenivået,  $s(x;y)$  reflekterer skilnaden i nytte i situasjonen med og utan straff, kan altså  $U(x;y) - U(s)(x;y)$  formulerast slik:

$$EU(x;y) = U(x) - p(x;y) * s(x;y)$$

På bakgrunn av denne modellen kan ein seie at for å redusere kriminalitet vil det vere nyttig å påverke sannsynet for at lovbrotet blir oppdaga, lengda på fengselsstraff og nivået på bøter, då dette er hovudelementa som verkar inn i den enkelte si vurdering av nytte ved å utføre ei kriminell handling.

### 2.3.3 Avgjersletakarane sine eigennytte ved korruption

Bjorvatn og Søreide utvikla i 2005 ein teori som viser kva og korleis mekanismane i eit individ si avgjersle føregår, då dette er ei avveging mellom fordeler for samfunnet som heilheit, og fordeler for seg sjølv. For dei aktuelle avgjersletakarane kan ein tenke seg at dei maksimerer eigennytte som illustrert i følgjande uttrykk:

$$U_i = (1-\beta) \omega_i + \beta c_i,$$

der  $U_i$  er individets nytte,  $\omega_i$  er vurderinga av velferdseffekten for samfunnet som heilheit (inkluderer konsumentens nytte og privat profitt), mens  $c_i$  er dei personlege fordelane avgjersletakaren oppnår ved å akseptere korruption. Variabelen beta kan ein sjå på som ei vektlegging av personlege fordelar i motsetning til fordelar for samfunnet for øvrig. Ein høg  $\beta$  betyr at personlege fordelar er utslagsgivande for avgjersla. Jo meir korrupt ein avgjersletakar er (høgare beta), desto mindre treng private aktørar å betale i bestikkingar. Dette inneber at beta avgjer kor mykje avgjersletakaren må kompenserast for å gjere eit val som avvik frå det som er samfunnet sitt beste. Dette kjem av at desto meir nærsynt ein avgjersletakar er av bestikkingar, desto mindre er desse opptekne av kva samfunnet er tent med, og desto mindre treng dei i kompensasjon for å svikte samfunnet (Søreide, 2013, s.147). Me ser av avsnitt 2.3.2 og 2.3.3 at teoriane har fokus på dei samanfallande faktorane som verkar inn på eigennytte ved korruption.

### 2.3.4 Frå individuelle intensiv til korupsjonsnivå

Korupsjon er ein type kriminalitet som alltid har to sider, og derfor er samspelet her relevant for forståinga av dette. Om ein er klar over når og kvifor menneske tar del i korupsjon, kan ein danne seg eit bilet av korupsjonsnivået i eit land eller i ein institusjon. Dei norske økonomane Jens Andvig og Kalle Moene utvikla i 1990 ein økonomisk modell som viser korleis ein kan aggregere forståinga av enkeltmenneska sine val opp til forståinga av korupsjonsnivået i eit samfunn. Modellen viser korleis korupsjonsnivået kan forklarast som ein balanse mellom tilbod og etterspurnad etter korrupte tenester. Vidare fokuserer Andvig og Moene på at byråkratisk korupsjon er økonomisk motivert, og at denne i seg sjølv forklrar korleis korupsjonsnivået i eit samfunn utviklar seg. Dessutan viser modellen korleis ulike nivå på korupsjon kan oppstå for samfunn med same sosioøkonomisk struktur.

Andvig og Moene tar utgangspunkt i ulike faktorar som har ein reell betyding for korupsjonsnivået. Oppfatninga om eksisterande korupsjonsnivå i eit land eller institusjon og forventingar om utvikling vil påverke dei involverte sin antaking om risiko og tillit til motparten. Større bestikkingar gir større forteneste for dei som tilbyr korrupte tenester, men desto høgare er kostnaden for dei som betalar. Vidare vil sosiale og moralske kostnadar ved å delta i korupsjon vere avgjerande for å la seg involvere. Modellen legg til grunn at lønnsnivå vil påverke korupsjonsnivået, der samanhengen går seg i retning av at låg lønn ofte kan gi incentiv til korupsjon.

Dessutan hevdar Andvig og Moene at sannsyn for å bli avslørt og straffa er ein viktig faktor som påverkar korupsjonsnivået. Risikoen reflekterer kontroll multiplisert med straff. Om straffa er låg, vil det ha mindre tyding å bli avslørt. Om sannsynet for å bli oppdaga er låg, er straffenivået irrelevant. Transaksjonskostnadane forbunde med å bestikke eller ta i mot bestikkingar er i følgje modellen av reell betyding for korupsjonsnivået. Dette vil seie at ved lite utbreidd korupsjon er det vanskeleg å krevje bestikkingar eller finne nokon å bestikke, og dermed er transaksjonskostnadane ved korupsjon høge. Låge kostnadar symboliserer derfor høgt korupsjonsnivå. Denne samanhengen kan gjere at korupsjon er sjølvforsterkande, og ein kan seie at korupsjon korrumperer (Søreide, 2014, s.102).

Modellen er ein tilbods-og etterspurnadsmodell, og den forklarar likevektsnivået for korupsjon. Nivået blir definert som befolkningsandelen som vel å vere korrupt i ein periode,

for ein gitt bestikking og eit gitt etterspurnadsnivå. I sine berekningar forventar både dei som bestikker og dei som mottek bestikkingane at nivået på korruption i ein periode blir den same i som i perioden før. Frå rasjonalitetsantakinga forventar ein at aktørar vil ønske å bestikke om forventa gevinst overgår moglege tap. Om  $P_j$  er forventa nettoprofitt ved å kjøpe korrupt avgjersle, vil aktørar med  $P_j > 0$  gå inn på ein korrupt handel når  $P_j$  er definert slik:

$$P_j = \pi_j(b) - q_j/y,$$


der dette viser at for ein aktør  $j$ , er  $\pi_j(b)$  den oppnåelege fortenesten ved å bestikke. Vidare representerer  $q_j$  kostnaden forbunde med kvart forsøk på å bestikke ein motpart. Om denne blir sett opp som ei geometrisk rekke, vil den forventa kostnaden per transaksjon vere  $q_j/y$ .

Risiko for både oppdaging og straff er ein kostnad for bedrifta. Likevel vil ikkje ein profittfunksjon reflektere over skilnaden mellom individets moglege kostnad, og ei bot for verksemda som heilheit. Det aktuelle tapet om ei korruptionssak blir avslørt kan både vere på individuelt nivå, og for organisasjonen som heilheit (Søreide, 2013).

### 2.3.5 Korruption som avgjersle

Tina Søreide hevdar at korruption er eit omgrep som rommar mange forhold. Søreide peikar på at korruption er ein utilbørleg påverknad av avgjersler. Figuren nedanfor illustrerer korleis korruptionsforskaren ser på korruption som ei avgjersle, der avgjersletakaren kompenseras for avviket mellom ei riktig eller god avgjersle, med ei bestikking. Den korrupte avtalen er i realiteten ein handel (Carson et al., 2017).

*Figur 2: Korruption som avgjersle (Carson et al., 2017)*



### 2.3.6 Ein leiars rolle i korruption

Leiinga i ei verksemnd kan vere involvert i korruption på tre ulike måtar. Søreide (2014) kallar den først for solo-opplegg, som inneber at prinsipalen tek imot bestikkingar i bytte mot avgjersler. Korruptionen føregår gjerne skjult for resten av organisasjonen. Leiinga kan påverke kva tiltak mot korruption som blir innført for verksemda som heilheit, og dette kan då trekke i retning av mindre fokus og merksemrd på nettopp dette. Prinsipalen meiner at dette ikkje er noko som skal ta fokus. På ei anna side kan leiinga ønske å demonstrere høg integritet for å unngå mistanke, og dermed innføre mange, men «feil» tiltak.

Leiinga kan også vere involvert i korruption vertikalt. Dette kan skje i «nedanifrå-og-opp» situasjon, der saksbehandlarar på lågare nivå, mottek og hovar inn bestikkingar i sin myndigheitsutøving. Deretter deler saksbehandlaren noko av den ulovlege gevinsten med leiinga, som ofte sit lenger opp i hierarkiet. I ein slik situasjon ønskjer leiinga å støtte korruptionen, og innfører reguleringar som legg til rette for utføringa av korruption. Samtidig kan leiinga vere involvert i korruption i frå «toppen og ned» situasjonar. Dette inneber at leiinga let saksbehandlarane få ekstra fordelar som privatpersonar, ved å dele noko av utbytte frå korruptionen. Dette fordi at saksbehandlarane skal haldast lojale, og leiinga vil på denne måten hindre at det blir varsla om korruption i verksemda (Søreide, 2013, s.136).

Den tredje og siste måten leiinga kan involvere seg i korruption på, er horisontalt. Her er samarbeid med andre prinsipalar i organisasjonar eit faktum. Aktørane vil auke kvarandre sin gevinst og lovbroten blir dermed og meir alvorleg, då svikta er bevisst. Nettverkskorruption i samarbeid med andre eksterne aktørarar kan også førekommme (Søreide, 2013, s.137).

## 2.4 Kven utfører slik kriminalitet?

### 2.4.1 Den typiske gjerningspersonen

Økonomisk kriminalitet skadar selskapets omdømme og er ein kostnad for verksemda, men ikkje minst for samfunnet. Det vil vere interessant å sjå om det finst eit mønster i kven som er den typiske gjerningspersonen. På denne måten kan ein bruke denne kunnskapen til å redusere omfanget av økonomisk kriminalitet. Det er gjort ulike studiar av dette, der det kjem fram fleire trekk som er relevante for den typiske lovbytaren.

KPMG<sup>8</sup> har over ein lengre periode hatt sitt fokus på utviklingstrekk knytt til økonomisk kriminalitet. I deira nyaste rapport frå 2016, kjem det fram at gjerningspersonen ofte unngår kontrollane som den gitte verksemda har satt i gang. Det er ein markant auke i andelen gjerningspersonar som utnyttar moglegheita til å gjennomføre misleghald som følgje av svake kontrollar, samanlikna med førre rapport i 2013. Det kjem også fram at gjerningspersonane ofte samarbeider med kvarandre, der dei ofte treng bistand til å unngå kontrollane. Menn samarbeider ofte, medan kvinner ofte opererer åleine. Rapporten viser at 69% av gjerningspersonane er mellom 36 og 55 år. Dette kan også ha samanheng med at det ofte er denne aldersgruppa som sit i stillingar som moglegjer slik kriminalitet. 60% svarar at motivet for den kriminelle handlinga er personleg vinning.

Når det gjeld fordeling mellom kjønn, hevdar rapporten at 79% av lovbrota er utført av menn. Dette kan ein knyte til Kahneman sin studie i 2011, der det kjem fram at det er klare skilnadar mellom menn og kvinner si kjenslemessige påverknad av val. Dette hevdar Kahneman drar i retning av at menn jamt over er meir risikovillige enn kvinner (Søreide, 2013). Trass dette, har andelen kvinner auka frå 13% i 2010 til 17% i 2016 (Arvnes, 2016). Dette kan vidare ha samanheng med at stadig fleire kvinner sit i stillingar som gjer det mogleg å drive økonomisk kriminalitet. Rapporten til KMPG viser vidare at økonomisk kriminalitet som oftast skjer av ein tilsett i verksemda. 35% av gjerningspersonane er tilsette på toppleiar nivå. Personlegdomstrekk ved gjerningspersonen er at det desse framstår som sjølvsikre og ser på seg sjølve som høgt respekterte. Likevel legg KMPG vekt på at måten gjerningspersonane opererer på, er i konstant endring.


<sup>8</sup> KPMG er eit internasjonalt nettverk, og er eit revisjons- og rådgivingselskap med verksemd innanfor revisjon, rådgiving, skatt, avgift og forretningsjus. I Noreg har KPMG omlag 1000 medarbeidrarar fordelt på 25 kontor over heile landet (KMPG, u.å).

Tabell 2: Del personar fordelt på kjønn og kriminalitetstype (Politiet, 2018).

Kriminalitetstype	Unike fødselsnr.		Andel	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Trafikk	28 811	5 662	84 %	16 %
Annен	20 567	4 970	81 %	19 %
Vold	18 171	3 964	82 %	18 %
Narkotika	16 274	3 176	84 %	16 %
Vinning	10 811	4 439	71 %	29 %
Økonomi	5 533	1 746	76 %	24 %
Skadeverk	4 172	772	84 %	16 %
Seksuallovgrensa	4 435	201	96 %	4 %
Miljø	1 251	81	94 %	6 %
Arbeidsmiljø	209	30	87 %	13 %
<b>Alle krim. typer (ikke sum)*</b>	<b>82 310</b>	<b>20 830</b>	<b>80 %</b>	<b>20 %</b>

STRASAK-rapporten 2018 viser til at menn er overrepresenterte i all type kriminalitet i Noreg. 76% av lovbrota som fell under kategorien «økonomi» er utført av menn, etter tabell 2. Vidare viser rapporten at gjennomsnittsalderen til dei mistenkte for all kriminalitet i 2018 var 34 år.

Figur 3: Del av kvinner og menn totalt tal forhold etter kriminalitetstype (Politiet, 2019).



Figuren viser kor stor del av påtaleavgjerslene mot kvinner (raudt) og menn (blått), som var knytt til dei ulike kriminalitetstypene. Om ein ser på typen lovbrot som blei påtaleavgjort i 2018, var 6% av forholda menn var mistenkt for, knytt til økonomisk kriminalitet. 8% av påtaleavgjerslene mot kvinner var knytt til dette (Politiet, 2018).

Det kjem fram av NTAES (Nasjonalt tverretateleg analyse- og eterretningssenter)<sup>9</sup> i studien «Kriminelle i arbeidslivet», utgitt i 2018, ulike trekk ved straffbare forhold i verksemder.

Rapporten viser til at kriminelle i arbeidslivet ofte er sikta for andre straffbare forhold. Det er særleg anmeldingar knytt til økonomi som skil seg ut. 48% blei meldt for straffbare forhold innan økonomi av andre enn Arbeidstilsynet, NAV, Skatt og Toll. Dette kjem frå politiet, kundar, leverandørar og næringslivet elles. Det kjem vidare fram at aksjeselskap er overrepresentert blant kriminelle i arbeidslivet. NTAES hevdar at dette kjem av at det er ei rekke fordeler ved denne typen verksemder, og peikar på korleis eit aksjeselskap kan nyttast i utøvinga av kriminalitet. Denne verksemderforma inneber ikkje personleg ansvar, der selskapet i seg sjølv er ei juridisk eining. Eit aksjeselskap gir og inntrykk av seriøsitet overfor kundar, leverandørar og myndigkeit. Eit lovlydig ytre kan gi tilgang til ulike oppdrag (NTAES, 2018).

Statistisk sentralbyrå har utvikla ein rapport som viser kva verksemder som ofte er offer for økonomisk kriminalitet. Dei største bedriftene, målt etter tilsette, er dei mest utsette i følgje denne studien. Jo større verksemda er, jo fleire relasjonar vil ein ha med omverda, og jo fleire transaksjonar vil ein vere involvert i. Ein vil også ha fleire tilsette som kan utføre underslag eller utruskap. Vidare ser ein ofte at gjerningspersonen for nettopp underslag og utruskap er tilsett ved den gitte verksemda (Ellingsen, 2010).

*Tabell 3: Gjerningsperson/føretak, etter lovbrotskategori i prosent (Ellingsen, 2010).*

Lovbruddskategori	Egne ansatte	Personer utenfor	Antall utsatte i alt (veid)=315
Grovt bedrageri .....	13	86	84
Utruskap, korrumpsjon eller bestikkelse .....	63	36	56
Underslag .....	79	23	85
Forbrytelser i gjeldsforhold .....	12	94	32
Regnskapsovertredelser .....	--	--	--
Unndragelse av skatt, mva. eller toll .....	--	--	--
Pris- og anbudssamarbeid .....	16	90	40
Andre former for økonomisk kriminalitet .....	12	89	81

Kilde: Intervjuundersøkelsen om økonomisk kriminalitet mot virksomhet 2008, Statistisk sentralbyrå.

<sup>9</sup> Nasjonalt tverretateleg analyse- og eterretningssenter (NTAES) er eit av tiltaka i Regjeringen sin strategi mot arbeidslivskriminalitet. Dette er eit samarbeid mellom politiet, Skatteetaten, Toll, NAV, Arbeidstilsynet og ØKOKRIM.

## 2.4.2 Korruption

Når det gjeld korruption og den potensielle lovbytarar, ser ein av ØKOKRIMs risikovurdering at dette ofte er personar som sit med posisjonar med avgjerslemyndigkeit. Dette er personar som forvaltar viktige ressursar. Slike personar blir sett på som interessante å bestikke. Personleg vinning framstår også her, som i KPMGs studie, som den vanlegaste motivasjonen (ØKOKRIM, 2014).

## 2.4.2 Underslag og økonomisk utruskap

ØKOKRIM hevdar at det ofte er personar som blandar selskapets økonomi og privat økonomi, som gjennomfører underslag og økonomisk utruskap. I desse sakene er det stort sett nye aktørarar frå sak til sak, og då vil ofte motivet vere akutt pengebehov. Likevel finst det nokre gjengangarar. Gjerningspersonane har då ofte pådratt seg økonomiske forpliktingar frå tidlegare underslag og utfører derfor nye underslag for å dekke opp dei førre. Det er rapportert frå fleire politidistrikta om ei auke i meldte tilfelle frå selskap som er utsatt for underslag som er gjort av rekneskapsførarar eller andre med økonomiansvar i verksemda (ØKOKRIM, 2014).

## 2.5 Effekten av økonomisk kriminalitet

Økonomisk kriminalitet påverkar selskapsinteresser og offentlege interesser i negativ forstand. Slik kriminalitet kan også påverke enkeltindividet direkte. Til dømes vil misbruk av offentlege støtteordningar medføre ein auke i utgifter for det offentlege og vil svekke grunnlaget for velferdsstaten (Storberget & Johnsen, 2011). Vidare er den økonomiske kriminaliteten ei hindring for økonomisk vekst, spesielt ettersom den påverkar tillita til marknaden. Korruption i seg sjølv er samfunnsøkonomisk ulønnsamt, då det fører til at nokre transaksjonar som ikkje er samfunnsøkonomisk lønnsame, blir privatøkonomisk lønnsame. Vidare fører korruption til at personar engasjerer seg i, og nyttar tida på, korrupte aktivitetar i staden for andre produktive gjeremål. Denne typen kriminalitet vil og føre til svekka tillit mellom bedrifter, næringsliv, hushald og offentlege styresmakter. I dei seinare åra har det blitt avdekkja ein rekke korruptionssaker og fleire har blitt dømt til strenge straffar. Dette har bidrige til auka merksemd og medvit hjå myndigheitene, næringsliv og bedrifter. Kva konsekvensar korruption og underslag har for samfunnet, selskapa og individua vil bli gjort greie for under.

## 2.5.2 Korruption

Det er fleire årsakar til at korruption bør slåast ned på, og som viser kva konsekvensar som oppstår dersom individ vel å ta del i slike handlingar. For det første vil korruption vere ein trussel mot rettsstaten, demokratiet og menneskerettar. Årsaken til dette er at korruption svekker etiske og moralske verdiar. For det andre vil korruption føre til forskjellsbehandling og hindrar sosial rettferd. Dette skjer fordi individ som utfører slike handlingar oppnår urettmessige fordelar, som andre ikkje får og dermed vil det gå på bekostning av andre. I tillegg vil korruptionen føre til feilfordeling av ressursar, ettersom ressursane blir flytta frå opphavleg instans til korrupt instans. For det tredje vil korrupte handlingar føre til at dei involverte verksemndene lider økonomiske tap, og i nokre tilfelle tap av omdømme. Sidan slike handlingar kan få store økonomiske konsekvensar, vil dei fleste aktørar halde seg borte i frå korruptionsmistenkte verksemder. Vidare vil korruption vere eit hinder for sosial og økonomisk utvikling, ettersom etablerte ordningar som velstand og tryggleik blir truga av korrupte regimer og verksemder (Gottschalk, 2010, s.16).

I tillegg til dei store samfunnsmessige konsekvensane ved korruption, kan det også få betydelege økonomiske konsekvensar for bedriftene ved deltaking i korrupte handlingar (Eriksen, 2019, s.16). Individet som er direkte involverte risikerer personleg straff, men også selskapet risikerer både føretaksstraff og økonomiske erstatningsansvar for tilsette sine korruptionshandlingar. Andre risikoar eit korruptionssynd selskap står overfor, er å bli utestengt frå offentlege anbod og omdømmetap. Korruption kan gi skeiv konkurranse, som vil undergrave open konkurranse. Vidare kan slike handlingar gi helsefarlege kontraktsbrot, der til dømes det kan bli gitt därlege material og sette liv og helse på spel.

Økonomar hevder at utfordringa med korruption ikkje handlar om at det er ulovleg, men er knytt til at avgjersler blir negativt påverka og skapar ineffektivitet for samfunnet (Søreide, 2013, s.36). Risikovurderinga til ØKOKRIM (2015-2016) fastslår at: «*korruption bryter ned folks tillit til samfunnet og dets institusjonar og økt korruption kan på sikt undergrave både fundamentet, og finansieringa av, vårt demokratiske velferdssamfunn*» (ØKOKRIM, 2014). Korruption kan vere opphavet til ulike konsekvensar, og Tina Søreide meiner det er mogleg å mogleg å skilje mellom dei. Ho har vidare utvikla ein oppsummerande tabell av ulike mekanismar og påfølgjande konsekvensar av korruption, basert på diskusjon i Rose-Ackerman (1999) (Søreide, 2013, s.37). Denne viser at ein kan dele korruption inn i fire ulike

kategoriar etter kva type fordel handlinga representerer. Vidare går det fram at det dermed er ulike konsekvensar av dei ulike kategoriane av korruption, som vist i tabell 4 under.

*Tabell 4: Mekanismar og konsekvensar av korruption (Søreide, 2013).*

Kategori/type fordel	Direkte konsekvens	Døme
Ulovleg fordel	Konsekvensane/kostnadane av den kriminelle handlinga	Terrorisme, import av ulovlege varer
Lovleg, men knapp	Fordeling av fordelar basert på betalingsviljen heller enn behov eller konkurranse	Helsetenester, utdanning, offentlege anbodskonkurransar
Lovleg fordel gjort knapp	Færre fordelar tildelast	Offentleg velferd, tollklarering
Ingen knappheit, og fordelene er meinst å vere gratis	Uformell skattlegging av konsumentar	Tilgang til infrastruktur (straum, vatn, telefon)

### 2.5.3 Underslag og økonomisk utruskap

Risikovurderinga til ØKOKRIM for 2015-2016 peiker på at økonomisk utruskap og underslag kan føre til konsekvensar for enkelpersonar og bedriftseigarar som blir utsatt for denne type kriminalitet. Slike kriminelle handlingar kan ramme bedrifter og deira moglegheit for å drive lønnsamt. Underslag kan oftast skjulast i rekneskapen, og dermed vil rekneskapen gi eit feilaktig bilet av den økonomiske situasjonen og tilhøyrande transaksjonar. Konsekvensane av underslag og økonomisk utruskap er i utgangspunktet økonomisk tap. Vidare kan det også føre til urett i verksemda ved at det oppstår mistillit og urettmessige forhold.

## 2.6 Kvitsnippkriminalitet

### 2.6.2 Definisjon

Omgrepet kvitsnippkriminalitet blir ofte nytta i samanheng med økonomisk kriminalitet og misleghald. Sett ut ifrå eit historisk perspektiv, har kvitsnippkriminalitet vore knytt til lovbrot som blir gjennomført av personar frå dei øvre sosiale lag i samfunnet (Kristoffersen, 2017, s.437). Ein kan også definere kvitsnippkriminalitet som misbruk av legitim stillingsmakt. Denne typen kriminalitet blir utført av eliten i samfunnet, der posisjon og makt står sentralt. Personar med tillit innan næringsliv, forvaltning og politikk misbruker sine

posisjonar og gjennomfører ulike typar økonomisk kriminalitet. Typiske dømer på dette er underslag, skatteunndraging og korrupsjon (Gottschalk, 2018, s.17).

Det er fleire typiske kjenneteikn ved individ som vel å gjennomføre kvitsnippskriminalitet. Dette kan til dømes vere individ som er velståande med høg utdanning, har gode venner i viktige posisjonar i samfunnet, og er tilsett i leiande stillingar i lovlege verksemder (Gottschalk, 2018, s.134). Individet nyttar seg av verdiar som respekt og tillit, og brukar sin høge sosiale status til å utføre kriminelle handlingar i jobben. Ofte vil ikkje individet sjå på seg sjølv som kriminell, men vil heller identifisere seg sjølv som ein samfunnsbyggjar.

### 2.6.3 Årsakar til kvitsnippskriminalitet

Lovlege handlingar kan medføre større anstrengingar, og derfor kan økonomisk kriminalitet vere ei bekvemmeleg løysing. Slike situasjonar kan oppstå når vanskeleg eller umogleg å finne alternative, legale løysingar (Gottschalk, 2018, s.22). Ved å nytte seg av bekvemmelege løysingar, kan ein spare ressursar og frustrasjon. Motiv og årsak til slik kriminalitet vil variere, men me vil fokusere på bekvemmelegheitsteori som forklaring.

#### *Bekvemmelegheitsteori*

Bekvemmelegheitsteorien skildrar tre perspektiv ved kvitsnippskriminalitet. Det første er det økonomiske perspektivet. Dette handlar om at ei kriminell handling blir gjennomført for å oppnå ein urettmessig gevinst. Den andre perspektivet er det organisatoriske. Her blir den kriminelle handlinga gjennomført i tilknyting til individets profesjon og posisjon. Til slutt har ein det åferdsmessige perspektivet. Her forklarar ein den kriminelle handlinga med at individet er i stand til å utføre økonomiske lovbrot, og i tillegg kan akseptere sine eigne handlingar. Teorien har fokus på at kvitsnipplovbrot blir utført dersom kriminalitet er ein meir bekvem handling enn andre alternative handlingar i same situasjon (Gottschalk, 2018, s.29). Ein slik situasjon kan vere prega av konflikt og kriser, samt freustingar og sjansar.

Motivet i den økonomiske dimensjonen er å unngå økonomisk krise eller å utnytte ein økonomisk situasjon, slik at den tilfredsstiller behovet til individet. Vidare handlar den organisatoriske dimensjonen om moglegheita til å utføre økonomisk kriminalitet, og dens sjanse til å skjule ulovlege handlingar bak lovlege. Den åferdsmessige dimensjonen er knytt til kor villig individet er til unormal åferd ved tanke på straffbare handlingar. Dei tre

dimensjonane kan verke saman, og dannar med dette bekvemmelegheitsteorien. Ein slik teori vil fungere som eit hjelphemiddel for å forstå årsakar og auke forståing for kven som utfører kvitsnippskriminalitet (Gottschalk, 2018, s.85).

#### 2.6.4 Prinsipal-agent teorien i eit organisatorisk perspektiv

Prinsipal-agent-teorien kan belyse kvitsnippskriminalitet i ein organisatorisk kontekst.

Prinsipal er ei nemning på ein person eller eit organ som delegerer arbeidsoppgåver til ein agent. Prinsipalen kan vere eit styre i ei bedrift som overlet leiinga av selskapet til administrerande direktør. Administrerande direktør er då agenten i denne relasjonen.

Direktøren kan i sin tur overlate arbeidsoppgåver til avdelingssjefar, der direktøren er prinsipal, medan avdelingssjefane blir agentar. Agentar utfører arbeidsoppgåver på oppdrag av prinsipalar. Agentperspektivet i denne teorien skildra problem som kan oppstå mellom prinsipal og agent som følgje av divergerande preferansar og ulike verdiar, asymmetri i kunnskap om aktivitetar og ulike haldningars til risiko (Gottschalk, 2018, s.55).

Prinsipalar må alltid mistenke at agentar tek avgjersler som gagnar dei sjølve på bekostning av prinsipalen (Gottschalk, 2018, s.56). Dette kan sjåast i samanheng med teorien om det økonomiske mennesket, såkalla «*homo economicus*». Dette er eit vesen som i alle situasjonar er ute etter å maksimere eigeninteresse, sjølv om det skulle skje på bekostning av andre. På overflata kan ein verke redeleg og sivilisert, men i botn er det i utgangspunktet egoistiske omsyn som gjeld. Filosofen Thomas Hobbes hevdar at menneske er grunnleggjande sett egoistiske, og det er dette som driv oss. Mennesket er skapt til å gjere det som tilfredsstiller eigne behov, der dette kan gå på bekostning av andre, om det er naudsynt. Det rasjonelle og økonomiske menneske vil alltid velje den løysinga som fremjar eigeninteressa (Kvalsnes, 2017).

Generelt er korruption og andre former for økonomisk kriminalitet ein konsekvens av prinsipalens manglande evne til å kontrollere og forhindre agenten frå å misbruке sin posisjon til personleg gevinst. Likevel kan prinsipalen like gjerne vere den kriminelle. Prinsipal og agent har ulike rollar i ein organisatorisk kontekst, der begge har lite informasjon om kvarandre sine aktivitetar. Avgjersler blir tatt av personar i organisasjonen med myndigkeit til å føreta seg dette. Ei avgjersle kan definerast som eit val mellom to eller fleire handlingar. I

bekvemmelegheitsteorien er det to hovudalternativ: det lovelege eller det ulovelege. Avgjersletakarar vel det som er mest bekvemt (Gottschalk, 2018, s.56).

Den organisatoriske moglegheita for økonomisk kriminalitet er ofte stor når ein er sett til å løyse oppgåver åleine. Eit døme på prinsipal-agent-perspektivet er tidlegare finansdirektør i bokforlaget Aschehoug. Finansdirektøren hadde fått i oppdrag av administrerande direktør å trekke forlaget ut av ei bokforhandlarkjede. Prinsipal (administrerande direktør) var ikkje merksam då agent (finansdirektør) utførte denne arbeidsoppgåva. Avviklingsprosjektet, som agent hadde ansvaret for åleine, endte med at finansdirektøren underslo fleire millionar kroner før han tilfeldigvis blei avslørt og dømd til tre års fengsel. Toppsjefar står i ei særstilling i prinsipal-agent-perspektivet. Konsernsjefar og andre administrerande direktørarar har ofte vide fullmakter samtidig som det ofte er lita eller inga kontroll. Eigaren eller styret er satt til å kontrollere topssjefen, men lykkast sjeldan (Gottschalk, 2018, s.58).

## 2.6.5 Kjenneteikn ved kvitsnippss forbrytarar

Ein kvitsnippskriminell vil typisk vere eit individ som er velståande med høg utdanning, og ein viktig posisjon i samfunnet og er tilsett i ein leiande stilling i ei lovleg verksemnd. Personen nyter respekt og tillit, og har høg sosial status i samfunnet. Kvitsnippss forbrytaren er ein person med makt og tillit knytt til posisjonen sin, og tilhøyrar på denne måten eliten. Eliten har generelt meir kunnskap, peng og status enn andre i befolkninga. Ein elite er ein minoritet som opptrer som ein autoritet overfor andre. Personen utnytter sin posisjon til å utføre økonomisk kriminalitet. Dessutan har lovbrytaren ofte ressursar til å skaffe seg betre forsvarar enn andre kriminelle, og tilhøyrar gjerne same samfunnslag og borgarskap som dommaren, aktoren og forsvararen i ei eventuell rettssak (Gottschalk, 2018, s.135).

Kvitsnippss forbrytaren er vanlegvis uavhengig og uansvarleg, uærleg og antisosial (Collins & Schmidt, 1993) og manglar integritet og sosial samvit (Price & Norris, 2009). Dette kan me til dømes sjå i ei sak om ein kraftverksjef i Noreg. I 2007 blei ein kraftverksjef tiltalt for korruption og økonomisk utruskap. Kraftverksjefen hadde tidlegare leia to interkommunale aksjeselskap, eit vassverk og eit reinseanlegg i perioden 1969 til 2005. Kraftwerkssjefen blei oppfatta som ein viktig samfunnsbyggjar. Tiltalen mot lovbrytaren omfatta 60 kriminelle forhold, blant anna tapping av offentlege selskap for 70 millionar kroner.

I denne saken ser ein at den kriminelle handlinga fekk føregå i ein lengre periode, med eit stort omfang, utan at nokon stoppa det. I nærmiljøet blei personen oppfatta som ein helt. Likevel viste det seg at kraftverksjefen var skuldig i grov korruption og tjuveri av kommunale verdiar. Gruppetilhørsle og sosial status verkar inn i denne saka, der det ser ut til at dette forsterka eit lokalsamfunn sin tilbøyelighet til å ignorere dei kriminelle handlingane. Denne saken er med dette eit typisk døme på kvitsnippkriminalitet, der høg sosial rang og tillit utnyttast til å gjennomføre lovbrot (Søreide, 2013, s.16).

## 2.6.6 Konsekvensar ved kvitsnippkriminalitet

Som mange andre former for økonomisk kriminalitet, vil også kvitsnippkriminalitet vere ein trussel for ulike samfunnsinteresser og verdiar (Gottschalk, 2018, s.136). For det første vil den straffbare handlinga skade store økonomiske verdiar, og kriminaliteten medfører økonomiske tap for andre. For det andre vil den kriminelle ha eit nettverk til å skjule den kriminelle profitten, og vil som oftast bli beskytta av sin posisjon og stilling.

## 2.7 Avdekking av økonomisk kriminalitet

### 2.7.1 Rapporteringsplikt

For å avdekke økonomisk kriminalitet er ein avhengig av ulike aktørar. Finansinstitusjonar, revisorarar, advokatar og rekneskapsførarar er nokre av dei juridiske personane som har rapporteringsplikt etter kvitvaskingslova. Dette inneber at dersom det oppstår mistanke om at ein transaksjon har tilknyting til utbytte av straffbare handlingar, pliktar desse å rapportere om forholdet til Enheten for finansiell etterretning (EFE) i ØKOKRIM. Formålet med rapporteringsplikta er å forenkle avdekkinga av profitmotivert kriminalitet (ØKOKRIM, 2014).

### 2.7.2 Varsling

For at økonomisk kriminalitet skal kunne førebyggjast, oppdagast og straffast er det ofte nødvendig at det blir varsle om, gjerne av andre tilsette eller nokon som har ein relasjon til den verksemda det gjeld. Eit godt varslingssystem vil bidra til å førebyggje og avdekke misleghald. Å varsle er å seie i frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Kritikkverdige forhold kan delast inn i arbeidsmiljørelaterte saker, økonomisk kriminalitet og andre varslingssaker. Near og Miceli (1985) definerer varsling som avsløringar føretatt av

noverande eller tidlegare tilsette vedrørande ulovlege eller uetiske forhold i selskap, som vidareformidlast til personar eller organisasjonar som er i posisjon til å reagere mot desse handlingane. Varsling er ein mekanisme for å hindre og behandle konfliktar som i enkelte tilfelle kan gjere at tilsette utsett for ei avveging mellom ytringsfridom og lojalitet til arbeidsgivar. Varsling kring økonomisk kriminalitet er ofte prega av at varslaren gir informasjon om noko som kan vere symptom på slik kriminalitet, utan at varslaren kjenner samanhengen (Tvedt, 2014). 2% av varslingane av kritikkverdige forhold var i 2018 retta mot korruption, og 5% same året gjaldt underslag og andre økonomiske misleghald (Trygstad & Ødegård, 2018). Retten til å varsle om kritikkverdige forhold er regulert av arbeidsmiljølova, noko me kjem tilbake til i kapittel 3.1.4.

#### 2.7.3 Organisasjonskultur

Intern lojalitet og solidaritet kan verke inn på varsling av økonomisk kriminalitet. Lojalitet og solidaritet kan vere nyttig og nødvendig i nokre situasjonar, men det same samhaldet kan vere til skade om lojaliteten inneber at arbeidsgivar og andre tilsette skal beskyttast frå andre. Ei verksemnd kan ofte utvikle ei felles oppfatning av kva som er idealet for korleis praksisen i ei verksemnd skal gjennomførast, og korleis ein som medlem av denne skal oppfatte, tenke og føle. Dette kan igjen påverke haldinga til ein tilsett når det gjeld å varsle. Ein kan oppdagé kritikkverdige forhold, men som følgje av at det har utvikla seg ein organisasjonskultur som tilseier at «det er nødvendig for å nå mål» og «det er slik vi gjer det», vil dette påverka haldingane og kor vidt ein tilsett ønsker å varsle. Dette kan ein hevde at har ein samanheng med at å varsle er ikkje noko ein gjer mot eit medlem av gruppa (Eriksen, 2014).

#### 2.7.4 Reaksjonar på varsling

Varslingsprosessar kan vere svært krevjande for den som varslar. I rapporten «Varsling i norsk arbeidsliv 2018» kjem det fram at fire av ti opplev at det hjalp å varsle. 19% har opplevd negative reaksjonar og sanksjonar som følgje av varslinga, og desse er då mindre tilbøyelige til å ville varsle igjen. Fafo hevdar at halvparten av dei som er opplever kritikkverdige forhold, let vere å varsle. Den viktigaste årsaka er frykt for konsekvensane. Det er fleire forhold som påverkar varslingsaktiviteten, der det mellom anna er høgare sannsyn for at ein varslar om ein jobbar i privat sektor og den gitte verksemnda har mange tilsette. Fafo hevdar at det ikkje hjalp å varsle i 41% av varslingssakene, då det ikkje førte til noko vesentleg endring (Trygstad et al., 2019).

### 3. Vurdering av lovverk og handheving i Noreg

I dette kapittelet vil me forklare juridiske omgrep som inngår i oppgåva, med fokus på dei ulike lovverka og spesifikke paragrafane som er sentrale for omfanget av økonomisk kriminalitet. Me vil og forklare korleis lovar og reglar handhevast i Noreg. Me presenterer dei handhevingsinstansane som er mest relevante for problemstillinga, og går igjennom kva ansvar desse har. Vidare ser me på samarbeidet og informasjonsflyten mellom dei ulike etatane.

#### 3.1 Relevante lovverk

Økonomisk kriminalitet kan utløyse sivilrettslege reaksjonar og krav, til dømes krav om handheving av kontraktar, oppseiing av tilsette, erstatning og liknande. Til tross for dette skal me her fokusere på dei strafferettslege sidene ved økonomisk kriminalitet. Dette for å danne eit bilet av korleis ulike former for økonomisk kriminalitet blir regulert i dag.

##### 3.1.1 Straffelova

Lov om straff (straffelova) av 20.mai 2005 nr.28 (strl.) er meint til å regulere åferd, og er underkasta krav til klarheit for å kunne brukast mot menneske og føretak. Straffelova byggjer på menneskerettane slik dei kjem til uttrykk i FNs mennesrettserklæring og Den Europeiske Menneskerettskonvensjonen (Elden, 2017). Straffelova regulerar straffbare handlingar, noko som vil seie at den gjeld alle former for straffbare lovbro. Dette kan så vel som ei gjennomført handling, gjelde unnlatingar, forsøk på straffbare handlingar og medverknad til eit lovbro.

Gjerningspersonen kan vere ein fysisk eller juridisk person. Dette legg opp til at føretaket i seg sjølv kan straffast ved økonomisk kriminalitet. Føretaksstraff vil bli diskutert seinare i dette kapittelet.

##### Korruption

Den norske straffelova definerer korruption som «*den som for seg selv eller andre krever, mottar eller aksepterer et tilbud om en utilbørlig fordel anledning av stilling, verv eller oppdrag, eller gir eller tilbyr noen en utilbørlig fordel i anledning av stilling, verv eller*

*oppdrag*», jf. strl. §276a. Straffa for korruption er bøter eller fengsel på inntil tre år. Medverknad vil bli straffa på same måte. I samanheng med økonomisk kriminalitet vil medverknadsansvar vere aktuelt for revisorar, autoriserte rekneskapsførarar og konsulentar, men og for tilsette i verksemda. Vidare skil straffelova mellom korruption og grov korruption, der sistnemnde er regulert i strl. §276 b. Grov korruption kan straffast med fengsel på inntil 10 år. Heimelen legg deretter vekt på: «*Ved avgjørelsen av om korruption er grov skal det blant annet legges vekt på om handlingen er forøvd av eller overfor en offentlig tjenestemann eller noen andre ved brudd på den særlige tillit som følger med hans stilling, verv eller oppdrag, om den har gitt betydeleg økonomisk fordel, om det forelå risiko for betydeleg skade av økonomisk eller annen art, eller om det er registrert uriktige regnskapsopplysninger, utarbeidet uriktig renskapsdokumentasjon eller uriktig årsregnskap*».

Den juridiske definisjonen av korruption legg vekt på ordet utilbørleg. Det blir stilt krav om at det skal dreie seg om ein utilbørleg fordel. Dette er ein rettsleg standard som regulerer grensa mellom lovleg og ulovleg handling. Kva som skal til for at det er ein utilbørleg fordel vil avhenge av fleire faktorar, der ein må føre ein totalvurdering av den gitte situasjonen med følgjande tolking av rettskjeldefaktorane (Langfeldt, Bråthen, Viken & Minde, 2018). Rettspraksis viser vidare at fordelen sin økonomiske verdi, partanes stilling eller posisjon, formålet bak ytinga og grad av openheit i forhold til mottakarens oppdragsgivar, sedvane på området, er sentrale vurderingselement. Som følgje av at korruption og den utilbørlege fordelen er omgrep som er relativt diffuse, vil det oppstå gråsoner, og det kan ofte vere utfordrande å fastslå kva som er ulovleg (Søreide, 2014).

#### *Underslag (bedrageri) og økonomisk utruskap*

Underslag er regulert i strl. §§324-326. «*For underslag straffes den som med forsett om en uberettiget vinning for seg selv eller andre rettstridig a. selger, forbruker eller på en annen måte tileigne seg en løseøregjenstand eller pengefondring som han besitter, men som tilhører en annen, eller b. forfører over penger har har innfordret fra en annen, eller som på en annen måte er betrodd på han*». Straffa for underslag er bot eller fengsel på inntil to år. Det vil og vere naturleg å nemne strl. §371 om bedrageri. Heimelen legg til grunn at bedrageri er handlingar der ein bevisst skaffar seg sjølv eller andre ein uberettiga vinning. Ein skil mellom alminneleg, grovt og mindre bedrageri, der førstenemnte blir straffa med bot eller fengsel på

inntil to år, medan grovt bedrageri straffast med fengsel på inntil 6 år, jf. §§371 og 372. Mindre bedrageri straffast med bot når straffeskulda er lita fordi det gjaldt ein ubetydeleg verdi og forholda for øvrig tilseier det, jf. strl. §372.

Økonomisk utruskap blir i straffelova definert som det å handle mot ein annan sine interesserer, som ein styrer eller har tilsyn med, med fortsett om å oppnå ein uberretiga vinning for seg sjølv eller andre, eller om å skade, jf. strl. §390. Dette straffast med bot eller fengsel på inntil to år. Ein skil mellom økonomisk utruskap og grov økonomisk utruskap, der sistnemnde blir straffa med fengsel på inntil 6 år. Når det gjeld vurderinga av grov utruskap er det dei same elementa som ved grov korruption, som er i fokus.

### 3.1.2 Kvitzasking

Mange former for økonomisk kriminalitet kan beskrivast som vinningskriminalitet, der formålet med handlingane er å oppnå økonomisk utbytte i ei eller anna form. Ettersom vinninga er oppnådd ved ulovlege handlingar, vil det vere nødvendig å finne måtar å gjere desse «kvite» og få utbyttet inn i den lovelege økonomien. For kvitzasking straffast den som *«a. yter bistnad til å sikre utbyttet av en straffbar handling for en annen ved å for eksempel innkreve, oppbevare, skjule, transportere, sende, overføre, konvertere, avhende, pantsette eller investere det, eller b. gjennom konvertering eller overføring av formuesgoder eller på en annen måte skjuler eller tilslører hvor utbyttet av en straffbar handling han selv har begått, befinner seg, stammer fra, hvem som har rådigheta over det, dets bevgelser, eller rettigheter som er knyttet til det»*, jf. strl. §337. Straffa for kvitzasking er bot eller fengsel på inntil to år. Her skil ein også mellom alminneleg kvitzasking og grov kvitzasking, der grov kvitzasking straffast med fengsel på inntil seks år. Ved vurdering av om kvitzaskinga er grov blir det mellom anna lagt vekt på kva slags handling utbyttet stammar frå, og om det er av betydeleg verdi, og om lovbrytaren har drive kvitzasking regelmessig.

### 3.1.3 Arbeidsmiljølova

Arbeidsmiljølova representerer den lovmessige reguleringa av varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Arbeidsmiljølovas varslingsreglar trådde i kraft i 2007, med viktige endringar innført frå juli 2017. I denne lova blir det stilt krav til verksemder i privat næringsliv og offentleg sektor om varslingsrutinar. Arbeidsgivar pliktar å leggje til rette for varsling, og arbeidstakar blir gitt rett til å varsle samtidig som varslarane skal beskyttast mot

straff (Tvedt, 2014). Arbeidsmiljølova §2-4 regulerer sjølve retten til å varsle, medan lova sin §2-5 legg til grunn vern mot gjengjeldelse. Dette set forbod mot at arbeidstakaren blir utsatt for ulovleg sanksjonering, som følgje av varslinga. Arbeidsmiljølova §3-6 regulerar arbeidsgivarens plikt til å leggje til rette for varsling. Desse tre bestemmingane heng saman og samspelar med sikte på å redusera terskelen for å varsle og sikre at kritikkverdige forholdet kjem fram til rette avgjersletakar (Eriksen, 2014).

### 3.2 Straff

Straff inneber at individ som har utført handlingar som er strid med reglar definert på vegne av fellesskapet, blir påført eit onde. Ei sentral hensikt bak straffa er nettopp at den skal verke førebyggjande, noko som inneber at den er forventa til å redusera ulovleg åferd i eit samfunn. Det er ulike måtar å nå dette målet på. Strafferetten gir uttrykk for kva samfunnet bør oppfatte som uakseptabel åferd. Straff fungerer som ein reaksjon på den uakseptable handlinga, og kan på ha innverknad og førebyggjande effekt på individ sin tilbøyelighet til å gjere lovbroter (Søreide, 2013).

Det er ulike straffemetodar når det gjeld økonomisk kriminalitet, herunder fengsel og bot. Vidare kan både fysiske personar og juridiske einingar straffast. Eit stort fleirtal av lovene på området handhevast gjennom ein kombinasjon av straffeansvar ilagt personar og selskap. Dei sentrale spørsmåla handhevingsinstansane står overfor er knytt til korleis sanksjonering av individ og selskap skal strukturerast saman, for å avskrekke kriminalitet på ein mest mogleg effektiv måte (Arlen, 2012). Føretaksstraff vil bli diskutert i 3.2.2. Inndraging er også sentralt, men blir ikkje sett på som straff. Likevel føl inndraginga dei straffeprosessuellereglane i straffeloven kapittel 13. Krav om inndraging kan skje saman med straff i førelegg, tiltaleavgjersle, eller åleine (Langfeldt et al., 2017).

Det kjem fram av regjeringas handlingsplan vedrørande økonomisk kriminalitet at «*det er et grunnleggande krav at samfunnet håndhever lovovertradelser forholdsmessig. Videre er det av stor betydning at sanksjoner ileses mest mulig effektivt, slik at flest mulig saker avsluttes med en reaksjon...*

menneskerettigheitskonvensjonen er til hinder for gjentatt forfølging av same person for same forhold med sanksjonar som er straff i følge konvensjonen. Dette inneber at tidlegare ordning, der det først blei i lagt administrativ sanksjon av tilsynsorganet, og deretter bot eller fengsel av domstolane, ikkje kan oppretthaldast (Dørum & Foss, 2004)

### 3.2.1 Føretakstraff

Strafferettssystemet er basert på prinsipp om at individ skal haldast ansvarlege for eigne handlingar. Det har i seinare tid blitt meir vanleg i fleire land å halde selskapa ansvarlege, i ein kombinasjon med straff av individ. I situasjonar der det er klart at selskap deltek i noko ulovleg, bør dei ansvarlege identifiserast. Samtidig vil det vere moglegheit for at føretaket individet har utført handlinga på vegne av, sanksjonerast. Om ikkje, ville føretaket kunne spekulere i forteneste gjennom lovbro og «ofre» nokre tilsette om lovbroa blir avslørt. Det er også viktig å nemne at det er avgrensingar i kor stor bot ein enkeltperson i eit føretak kan ileggjast. Slike bøter vil ofte ikkje utlikne den oppnådde gevinsten, ved til dømes korruption. På den andre sida, om ansvaret berre blei plassert i eit føretak, ville formålet med straffa, som er å plassere ansvar for avgjersler, ikkje oppnåast (Langfeldt et al., 2017).

Føresetnaden for føretaksstraff er at lovbroet er gjort av nokon som har handla på vegne har føretaket, ofte tilsette eller tillitsvalte, men og etter omstendene medkontrahentar (tredjemann). Den handlande må ha hatt mynde til å representere føretaket, jf. aksjelova §§6-12 flg., §§6-30 flg., og selskapslova §2-18, §2-21 og §2-22. Det vil seie at gjerningspersonen må ha hatt heimel til å handle på vegne av føretaket, men det er ikkje krav om konkret heimel til å føreta lovbroet. Det er vidare heller ikkje krav om at føretaket har hatt fordel av den ulovlege handlinga. Grunngjevinga for straff mot føretak kan mellom anna vere at føretaket som organisasjon ikkje har iverksatt tiltak for å hindre lovbroet. Bøtestraff og rettigheitsstraff er vanlege former for føretakstraff (Langfeldt et al., 2017).

Å handle på vegne av føretaket og ansvarkjensle heng ofte saman. Ansvarkjensla for individet vil vere påverka av gruppetilhørsle. Om føretaksstraff og gruppetilhørsle er to faktorar som viskar ut den individuelle ansvarkjensla, kan diskuterast. Uansett vil ein med tryggleik seie at eit individ som er involvert i økonomisk kriminalitet, vil kunne haldast ansvarleg, enten det opererer på vegne av føretaket eller av individuelle incentiv. Med dette

vil det vere svært viktig at straffa treff avgjersletakaren for oppnå ein slik effekt som teorien predikerer (Søreide, 2013, s.96).

### 3.2.2 Rettssøkonomiske føresetnadar for at straff skal ha effekt

Søreide hevdar at det er fleire vilkår som er relevante for at auka straff skal resultere i lågare kriminalitet, og som verkar inn på kor vidt straff påverkar tilbøyeligheten til å utføre lovbro (Søreide, 2013, s.190).

For at straff skal ha effekt er det sentralt at lovbytaren sit igjen med ein negativ nettogeinst. Dette inneber at kostnadane ved oppdaginga av lovbroet er større enn gevinsten tent ved sjølv handlinga. Gitt rasjonalitetsantakinga i kapittel 2, må verdiane som skal hentast inn gjennom bot eller fengselsstraff, tilsvare gevinst dividert på sannsynet for å bli avslørt. Vidare antek ein at ein førebyggjande effekt av straff vil avhenge av om straffa er føreseieleg.

Søreide peikar på at vissheit om at lovbro blir avslørt og straffast vil redusera tilbøyeligheten til å utføre lovbro (Søreide, 2013, s. 191). Dessutan er det innlysande at risiko for oppdagning og straff påverkar. Risiko, som produktet av sannsyn og konsekvens, vil påverke vurdering av nyttemaksimering. I tillegg vil straffas omfang ha innverknad på den preventive effekten.

Lågt straffenivå vil truleg auke tilbøyeligheten til å delta i eller å utføre kriminelle handlingar. Prinsippet om marginal avkasting kan også nemnast i denne samanheng. Dette inneber at straffa må stige proporsjonalt med størrelsen på gevinsten som er oppnådd ved lovbroet (Søreide, 2013, s.192). Ein kan dermed seie at det er ulike faktorar som spelar inn på effekten av straff.

Det er også viktig å presisere at rasjonalitetsvurderinga for det gitte individet skjer både før og etter eit eventuelt brotsverk. Før brotsverket vil ein potensiell lovbytar vurdere produktet av sannsynet for å bli oppdaga og straffa ein eventuelt får, og kor vidt dette overskrid eventuell gevinst. Om produktet av sannsyn og straff overskrid gevinst, vil den potensielle lovbytaren ikkje gjennomføre den kriminelle handlinga. Det vil då seie at sannsynet for å bli oppdaga multiplisert med straffa ein får ved oppdagning, må vere mindre enn gevinsten for at den rasjonelle aktøren gjennomfører ei straffbar handling. Samtidig vil rasjonalitetsteorien vere relevant etter at lovbroet er utført. Her er det fokus på om den samla straffa overskrid gevinst oppnådd ved den kriminelle handlinga. For at straffa skal verke avskreckande og ha preventiv effekt, må den vere minst like stor som utbyttet som er oppnådd (Søreide, 2013).

### 3.3 Handhevingsinstansar i Noreg

Når det gjeld lovbrot knytt til økonomisk kriminalitet, blir dei fleste behandla av lokale politidistrikt. Dei meir komplekse og prinsipielle sakene blir etterforska av ØKOKRIM. Fleire av desse sakene har opphav eller rot i utlandet (ØKOKRIM, 2019). I dette underkapittelet skal me sjå nærmare på dei ulike handhevingsinstansane i Norge, med fokus på Justis – og beredskapsdepartementet, politi og påtalemyndighetene og ØKOKRIM.

#### 3.3.1 Justis – og beredskapsdepartementet

«*Justis- og beredskapsdepartementet (JD) har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorgen, politi- og påtalemyndigheten, redningstenesten, samfunnssikkerhet, utlendingsmyndigheter og samordning av norsk politikk i polarområdene*» (Regjeringen, 2018). Departementet sine oppgåver er mellom anna å utabeide handlingsplanar og strategiar, proposisjonar og meldingar, lover og forskrifter. Det kjem fram av statsbudsjettet for 2020 at målet til departementet framleis vil vere å fokusere på særleg tre områder: straffesakskjeda, samfunnstryggleikskjeda og migrasjonskjeda. Bakgrunn for dette er at ein dermed kan oppnå gode resultat ved å styrke og effektivisere alle ledd (Regjeringen, 2018).

#### *Politi og påtalemyndighetene*

Politidirektoratet (POD) er eit forvalningsorgan som er underlagt Justis- og beredskapsdepartementet. Organet si rolle er mellom anna å gjennomføre regjeringa sin politikk gjennom tildelingar og oppdrag, samt å leie, styre, organisera og utvikle politietaten og lensmannsetaten. Hovudmålet for Den Høgare påtalemyndighet er til å redusere kriminaliteten, på ein målretta og effektiv måte (Riksadvokaten, u.å). Politiet sitt ansvarsområde er todelt: sjølv ansvaret for straffesaksbehandlinga ligg hjå riksadvokaten, medan Politidirektoratet og Justisdepartementet har ansvaret for administrative og økonomiske spørsmål. Som ein effekt av det tospora systemet underbyggjer dette påtalemyndighetenes sjølvstende, og motverkar politisk påverknad i enkeltsaker.

Det kjem fram i straffeprosesslova §225 at «*etterforsking iverksettes og utføres av politiet*». Samtidig kan også riksadvokaten og eventuell statsadvokat velje å gjennomførast ein etterforsking, og bestemme korleis den skal gjennomførast. Det er viktig å fastslå at påtalemyndighetene skal vere objektiv, og til tider uavhengig av politiet. Med tanke på at

påtalemyndigheitas nedste nivå er ei del av politiet, er det ekstra viktig at objektiviteten blir opprettheldt. I tillegg til at påtalemyndigheita må ha tilstrekkeleg kompetanse, må dei også ha tilstrekkeleg kapasitet. På denne måten kan dei ivareta den rolla og det ansvaret som straffeprosesslova legg til grunn (Lier, 2017).

### 3.3.2 ØKOKRIM

«ØKOKRIM er spissorganet i politiet og påtalemyndigheten for bekjempelse av økonomisk kriminalitet» (ØKOKRIM, 2019). Med andre ord kan ein seie at ØKOKRIM tar dei mest omfattande og kompliserte sakene som dukkar opp på dette området. Etterforskinga som blir utført av ØKOKRIM føregår i faste, og tverrfaglege team som er satt saman av etterforskjarar med politibakgrunn, økonomisk eller med anna relevant bakgrunn. Organet jobbar med konkrete saker, og på denne måten sender ut signal til allmennheita om at dersom ein bryt reglane på deira området, vil ein risikere straff.

Når det gjelder kva saker som skal behandlast, vil dette vere ein avgjersle som blir tatt av ØKOKRIMs leiing. I tillegg kan organet på eige initiativ opne etterforsking, her på bakgrunn av ei anmelding eller ei melding om mistenkelege transaksjonar (ØKOKRIM, 2019). Gjennom påtaleinstruksen § 35-4 kjem det fram at eininga behandlar særlege brot på økonomisk kriminalitet. For å avgjere om organet skal behandle ei sak, blir det vidare lagt vekt på : «*a) etterforskningens omfang, sakens kompleksitet og dens økonomiske størrelse, b) hvorvidt saken har forgreninger til utlandet, c) sakens prinsipielle karakter*».

## 3.4 Samarbeid mellom ulike instansar

Behovet for å styrke myndighetene sin samla innsats mot økonomisk kriminalitet står fortsatt sterkt i Noreg. Kampen mot økonomisk kriminalitet har vore høgt prioritert av regjeringa, og ein har satsa på å styrke innsatsen på dette kriminalitetsområdet dei seinare åra. Eit godt samarbeid internt i kontrollatane, mellom dei ulike kontrollatane, samt mellom kontrollatane og politiet, er ein føresetnad for å sikre mest mogleg effektiv innsats mot økonomisk kriminalitet. Eit betre samarbeid på ulike nivå og mellom ulike etatar har lenge blitt løfta fram som avgjerande for ein vellukka innsats, noko som kjem til uttrykk i Regjeringa sin handlingsplan mot økonomisk kriminalitet frå 2011 (Storberget et al., 2011).

Ein del av den økonomiske kriminaliteten som oppstår er også organisert, og går over landegrenser og kan få internasjonale konsekvensar. Dette gjer at arbeidet mot slik kriminalitet er særleg tidskrevjande og stiller store krav til samarbeid (Storberget et al., 2011). På denne måten blir det lagt vekt på å auke samarbeidet mellom kontrolletatane. Dersom det skal oppstå eit betre samarbeid er det også viktig at ein aukar ressursinnsatsen på dei ulike områda.

### 3.4.1 Koordinering av samarbeid

Ein rapport av OECD peikar på at i ei verd med avgrensa ressursar og aukande kompleksitet, må myndighetene arbeide tettare saman for å takle utfordringar som kjem av økonomisk kriminalitet. Dette vil gjelde for myndigheiter som kjempar mot alvorlege økonomiske lovbrot som skattelovbrot, korruption og kvitvasking (OECD, 2015). Det kjem fram at instansane bør ha sterkare fokus på deling av kunnskap og ferdigheiter. I følgje rapporten må regjeringa si tilnærming innebere å anerkjenne at separerte myndigheiter ikkje jobbar åleine. For å motverke økonomiske lovbrot på best mogleg måte vil derfor vere gjennom samarbeid på tvers av instansane.

### 3.4.2 Teieplikta og samarbeid

Delar av den økonomiske kriminaliteten har dei siste åra blitt meir profesjonell og organisert. På grunn av dette må ein kunne møte desse nye kriminelle nettverka gjennom auka samarbeid mellom kontrolletatane. Gjennom ein rapport frå Juristforbundet (2013) kjem det fram at auka samarbeid føreset at det er ein låg terskel for informasjonsutveksling mellom etatane. På vegn vil det vere fleire utfordringar som ein må løyse. Ein av desse hovudutfordringane er teieplikta.

Teieplikta avgrensar informasjonsflyten mellom dei ulike instansane. Hovudregelen om teieplikt i forvaltning følgjer av forvaltningslova § 13. Der står det «*at enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om noens pesonlege forhold*». Dersom ein utleverer sensitive opplysningar har ein aksemeldsplikt (ØKOKRIM, 2014). Her er det viktig at ein sørger for at ikkje andre enn dei som har krav på opplysningane, får tak i desse. Heimelen for å dele teiepliktig informasjon med påtalemyndigheita kjem fram i § 13b nr.6. Her kjem det fram at teieplikt ikkje skal vere til

hinder, og det handlar om å gi tilgang til opplysningar til andre offentlege organ. Sjølv om det føreligg eit unntak frå teieplikta, vil ikkje dette seie at ein har plikt til å gi opplysningar til påtalemyndigheita. Dette kan til dømes vere at eit offentleg organ ikkje ønsker å levere ut informasjon frivillig, eller er i tvil om ein er innanfor forvaltningsrettens reglar. I ein slik situasjon kan politiet nytte seg av dei straffeprosessuelle reglane for å hente inn informasjonen (ØKOKRIM, 2014).

For å oppsummere har me i litteraturgjennomgangen i kapittel 2, lagt fram teoriar om tilbøyelikhet til å vere involvert i økonomisk kriminalitet, både når det gjeld individ og bedrifter. Vidare har me sett på rasjonalitetsteori, med fokus på avveging mellom nytte og potensiell kostnad for den einskilde ved kriminelle handlingar. I tillegg har denne studien til no, konsentrert seg om den typiske gjerningspersonen, og konsekvensane for samfunnet av både korruption og underslag. Vidare har me hatt fokus på element som verkar inn på motiv for dette, herunder risiko for oppdaging i samanheng med varsling og potensiell straff. Deretter har me teke føre oss lovverk og sentrale juridiske faktorar i kapittel 3. Her har me tatt utgangspunkt i straff og ulike typar av dette, handheving og samarbeid mellom etatar i Noreg. Vidare vil studien konsentrere seg om innhenting av datamaterialet, i hovudsak gjennom intervju, for å deretter sjå resultata av dette opp mot statistikk, teoriar, og lovverk.

## 4. Metodisk tilnærming

I denne delen av oppgåva vil me presentere den metodiske tilnærminga som studien baserer seg på. Me går nærmare inn på kva metodar me har nytta for å få svar på problemstillinga vår, og ser på kvifor me valte desse tilnærmingane. I tillegg vil det også vere fokus på utvalet av respondentar. Avslutningsvis diskuterer me undersøkingas validitet og reliabilitet.

### 4.1 Metode og forskingsdesign

Dag Ingvar Jackobsen definerer metode som «*strategien ein nyttar i forsking for å frambringe gyldigkeit og truverdig kunnskap om verkelegheita*» (Jackobsen, 2015, s.15). Metode er derfor den vitskaplege måten å samle empiri om røynda på, og denne empirien skal kunne svare på forskingsspørsmåla som er gjeldane for den gitte studien.

Metode er knytt til omgrepet forskingsdesign, og Jackobsen definerer dette som sjølve undersøkingsopplegget til ein studie. Forskingsdesign kan utformast for å oppfylle anten eit eksplorande, deskriptivt eller forklarande formål, eller ein kombinasjon av desse. Valet er avhengig av problemstillinga som skal svarast på. Problemstillinga vår fører i retning av eit eksplorande design, då årsakene til økonomisk kriminalitet ofte er komplekse, og at verknadane av dei tiltaka styresmaktene og andre aktørar kan nytta for å redusere problemet, som oftast er lite kjende. Økonomisk kriminalitet oppfattast som ustrukturert, og problemstillinga inneholder aspekt som det finst lite forsking på. Ein kan med dette seie at studien vår søker svar på ein eksplorande og utforskande problemstilling, som krev ein metode som får fram nyanserte data og går i djupna på det gitte fenomenet. Det som kjenneteiknar ein slik problemstilling er at det fører til eit intensivt undersøkingsopplegg, som får fram opne data, slik at ein kan oppnå ein detaljert og grundig forståing (Jackobsen, 2015, s. 133).

#### 4.1.1 Kvalitativ metode og kvantitativ metode

Ein kan skilje mellom to overordna typar metodar; kvalitativ og kvantitativ metode. Skilnaden mellom desse to er knytt til korleis ein registrerer data og korleis dette datamaterialet analyserast. Kvalitativ metode blir nytta for å samle inn data om eit uavklart tema, i form av ord, setningar og observasjonar. Den kvalitative metoden fokuserer meir på ei open tilnærming, der ein legg vekt på å hente inn data som i liten grad er forhandsstrukturerte og

der ein ynskjer å utvikla hypotesar. Kvalitative data er ofte formidla gjennom ord og handlingar, medan kvantitative blir formidla gjennom tal. Kvantitativ metode blir nytta i situasjonar der ein har ynskje om å teste hypotesar, og der ein gjerne har moglegheit til å generalisere funn frå utval til å vere gjeldane for ein heil populasjon.

For å samle inn data i denne studien nyttar me både kvalitative og kvantitative data. For å svare på vår problemstilling nyttar me ulike metodar; vurdering av lovverk, litteraturgjennomgang, individuelle intervju og bruk av offentleg tilgjengeleg statistikk. Vurdering av lovverk og litteraturgjennomgang representerer ein kvalitativ tilnærming, der me ser på korleis ulike omgrep som er relevante i oppgåva definerast i lova, og tidlegare forsking som finst på området.

Vidare har me valt å nytte semistrukturerte intervju, for å samle kvalitative primærdata. Dette inneber ein intensiv forskingsmetode, med fokus på få einingar. Formålet med intervjeta er å få innblikk i korleis ulike fagpersonar, organisasjonar, institusjonar og bedrifter stiller seg til økonomisk kriminalitet, og dermed få eit vidare innsyn i emnet ved å kaste lys over temaet frå ulike synsvinklar. Semistrukturerte intervju inneber at me har bestemt tema og overordna spørsmål på førehand av intervjeta, samtidig som det er ope for fleksibilitet undervegs (Jackobsen, 2015, s.146). Avslutningsvis har me og valt å nytte tilgjengelege kvantitative sekundærdata for å kunne få eit innblikk i omfang og utvikling av økonomisk kriminalitet i Noreg. Me har nytta register frå ulike offentlege instansar, herunder Statistisk Sentralbyrå og STRASAK-rapportar gitt ut av politiet. På denne måten kan me skape eit overordna bilet og ei oversikt over det komplekse fenomenet som økonomisk kriminalitet er.

#### 4.1.2 Primær- og sekundærdata

Denne oppgåva baserer seg, som tidlegare diskutert, både på primær- og sekundærdata. Primærdata er data som er samla rett frå kjelda for det gitte formål for den enkelte studie, der ein får opplysningar og informasjon direkte frå informantar og respondentar. Sekundærdata, på den andre sida, baserer seg på opplysningar som er samla av andre (Jackobsen, 2015). Primærdata i denne studien er samla inn i form av intervju av nøkkelpersonar som har kunnskap og erfaring kring økonomisk kriminalitet; advokat i Equinor, økonomisjef i Hydro, seksjonssjef i Skatteetaten, korupsjonsforskar Tina Søreide, advokat i Advokatfirmaet

Tollefsen og revisor i eit av dei fire store revisjonsselskapa i Noreg<sup>10</sup>. Vurdering av lovverk, litteraturgjennomgang og registerdata av ulike økonomiske lovbroter i Noreg er sekundærdata. Slike data kan ha vore samla inn for andre formål, der den gitte forskaren kan ha utelatt det som i vår studie er viktig informasjon, men som er av mindre relevans for primæroppgåva (Jackobsen, 2015). Dette vil påverke datamaterialets validitet og reliabilitet.

## 4.2 Val av metode

I denne oppgåva legg me vekt på fleire metodar. Studien baserer seg på innsamling av primærdata, i form av intervju. Vidare nyttar me sekundærdata, herunder dokumentundersøking og tidlegare tilgjengeleg statistikk på området. Dokumentundersøking inneber at ein nyttar data som er nedteikna av andre, der ein baserer seg på innsamling i form av ord, setningar og liknande. For å svare på problemstillinga vil det vere nødvendig å kombinere kvalitativ og kvantitativ metode, og studien baserer seg dermed også på kvantitativ sekundærdata i form av statistikk og tall på området. Oppgåva vil likevel i hovudsak bære preg av ein open tilnærming, der statistikk vil supplera den vide forståinga av økonomisk kriminalitet. På denne måten ser ein at me har valt å nytte fleire framgangsmåtar og innfallsvinklar, noko som er kalla metodetriangulering (Sander, 2019).

### 4.2.1 Val av einingar til semistrukturert intervju/intervjuguide

Val av einingar til den kvalitative innsamlinga av primærdata vil påverke gyldigheita til undersøkinga, og er avgjerande for oppgåvas konklusjon og funn. Me har valt seks ulike respondentar til å svare på ei rekke spørsmål som skal belyse økonomisk kriminalitet, på ulike måtar. Bakgrunn for val av dei gitte informantar, er ynskje om å belyse fleire sider av økonomisk kriminalitet, der informantane har ulike rollar i det norske næringslivet.

Dei ulike respondentane har inngåande kunnskap innanfor temaet for oppgåva. Me kontakta dei aktuelle intervjuobjekta på e-post før gjennomføring av intervjeta, der alle som er med i undersøkinga, har godkjent vilkåra for å delta. Ein av respondentane ønska anonymitet, og me har dermed ikkje namnsett denne aktøren. Me har intervjeta følgande:

<sup>10</sup> Revisor i eit av dei fire store revisjonsselskapa ønskjer konfidensialitet.

- **Revisor i eit av «dei store fire revisjonsselskapa»<sup>11</sup>:** Respondenten går under tittelen erfaren senior i selskapet, og er ferdig med master i rekneskap og revisjon på BI Oslo våren 2020.
- **Siri Hjellvik Lagmannsås:** Finance Manager i Hydro ved avdeling Årdal og utdanna siviløkonom ved Norges Handelshøyskole.
- **Tina Søreide:** Professor ved Norges Handelshøyskole i Bergen. Søreide har skrive bøker om korruption og er ein av dei leiande forskarane i landet innan dette fagområdet.
- **Gemetchu Hika:** Advokat i Equinor, og arbeidar mellom anna med antikorruption i Compliance-avdelinga til selskapet. Hika har også jobba som advokat i Advokatfirmaet Hjort.
- **Jan Arild Rømmen:** Advokat i Advokatfirmaet Tollefsen, og er utdanna jurist i frå Universitetet i Bergen. Rømmen har hatt aktiv advokatlisens sidan 1987, samt jobba fire år som politjurist.
- **Jan-Egil Kristiansen:** Tidlegare skattekrimsjef ved Skatt øst, og i dag seksjonssjef i avdeling skattecriminalitet i Skatteetaten.

Med dette ser ein at to av informantane er knytt til store føretak, Hydro og Equinor, som operer i mange land og kan derfor møte etterspurnad etter korruption og sjølve ha korrupte medarbeidrarar. Vidare vil revisjonsselskapet som informant representere ei privat tilsyns- og overvakingsrolle i norsk næringsliv. Likevel er det viktig å nemne at også eit revisjonsselskap kan ha korrupte medarbeidrarar, som følge av særskilt innsikt og tilgang på materiale. Skatteetaten, på den andre sida, er ein norsk statleg etat underlagt finansdepartementet. Professor Tina Søreide, som forskar på mellom anna korruption, vil supplera studien med synspunkt, inntrykk og kunnskap, i eigenskap av fagperson på området. Deretter vil advokat Rømmen belyse juridiske sider ved problemstillinga, med fokus på straff og straffeffekt.

På denne måten vil informantane kunne tilføre informasjon og opplysningar som til saman kan gi ei overordna forståing av økonomisk kriminalitet. Respondentane utfyller kvarandre når det gjeld informasjon og synspunkt kring problemstillinga.

<sup>11</sup> Dei fire store (revisjonsselskapa) er ei nemning på dei fire største revisjonsselskapa i verda: PWC, Deloitte, Ernst & Young og KPMG.

## *Intervjuguide*

I forkant av intervjeta utvikla me ein intervjuguide som inneheld dei overordna tema for intervjeta, samt tilhøyrande nøkkelspørsmål. Semistrukturerte intervju opnar for å endre rekjkjefølge på tema, etter kva som fall naturleg etterkvart som intervjuobjekta kom med utdstrupande informasjon. På denne måten oppnådde me ein balanse mellom fleksibilitet og standardisering. Det vart utforma ein eigen intervjuguide til kvar av respondentane, slik at tema og spørsmål var tilpassa kompetansen og kjerneområdet til kvar respondent.

Likevel var dei overordna hovudspørsmåla felles for alle respondentane og retta mot omfanget av økonomisk kriminalitet og kva faktorar som påverkar dette. Vidare var fokuset på korruption og underslag, der straff og risiko for oppdaging var sentrale element. Når det gjeld Equinor og Hydro, la me også vekt på korleis interne rutinar rundt slik kriminalitet fungerer, der me stilte spørsmål angåande konkrete saker om korruption som dei to bedriftene har vore direkte involvert i.

### **4.3 Evaluering av datamaterialet**

Empirien me har samla inn i denne studien vil ha metodiske avgrensingar. Kvaliteten på datamaterialet er avhengig av korleis me har gjennomført datainnsamlinga og analysen av desse. Studien baserer seg på vår tolking av det innsamla materialet, og dermed vil det vere perspektiv og område som kan vere ekskludert. Samtidig er det ei rekje truslar mot kvaliteten på ein studie, og det er derfor nødvendig å diskutere denne oppgåva sin validitet og relabilitet.

#### **4.3.1 Validitet**

Validitet er definert som gyldigheita av datamaterialet og er knytt til kor vidt det innsamla datamaterialet er relevant for problemstillinga. Ein kan skilje mellom intern og ekstern gyldigheit. Intern gyldigheit er direkte retta mot kvaliteten og truverdigheita til studien, og kor vidt ein har dekning i sine data for dei konklusjonane ein dreg. Ekstern gyldigheit går på om resultata frå eit enkelt område er gyldige i andre samanhengar, og denne seier noko om i kva grad funn kan generaliserast til å gjelde situasjonar og einingar ein ikkje har undersøkt (Jackobsen, 2015, s.227). Våre kvalitative data består av eit lite utval av intervjuobjekt, og det er dermed vanskeleg å trekke konklusjonar for populasjonen i sin heilheit, altså det norske næringslivet. På denne måten kan ein seie at den ytre gyldigheita er noko avgrensa. Det

avgrensa og informerte utvalet, har imidlertid gitt moglegheit til å få fram djupare og meir detaljrik informasjon frå kvart objekt. Det vil alltid vere usikkert kor vidt studieobjekta gir ein sann presentasjon av verkelegheita.

Økonomisk kriminalitet vil for mange vere eit sensitivt tema, noko som kan resultere i at respondentane svarar usant eller at dei let vere å svara, og dermed held igjen konfidensiell informasjon. Når det gjeld intervju med bedrifter i denne studien, vil den gitte bedrifta truleg underslå og undervurdere den faktiske korруpsjonen, då dette vil gagne dei sjølve. Når det gjeld korruksjon i andre bedrifter, har respondenten grunn til å undervurdere eventuell korruksjon i eiga bedrift, og overvurdere korruksjon hjå konkurrentar. På denne måten kan bedrifta oppnå at kundar og tilsynsmynde rettar blikket mot andre bedrifter. På dette punktet er det all grunn til å tru at den interne validiteten er mangelfull. Når det gjeld andre offentlege tilsynsorgan, vil dei framheva den aukande korruksjonen og anna økonomisk kriminalitet, og at dei forventar framleis vekst i denne kriminalitetsgruppa. Slike vurderingar bidreg til auka løyvingar. Vidare vil revisor, som del av eit privat tilsyn- og kontrollorgan, professor og forskar på økonomisk kriminalitet, bidra til å auke validiteten.

Likevel kan ein legge til grunn at fleire av våre respondentar har økonomiske eigeninteresse av å påpeike at økonomisk kriminalitet er eit aukande problem. Til dømes kan forskar på området, vere avhengig av at forskingsrådet løyver ressursar til korruksjonsforsking og då vil eit aukande omfang bidra til dette.

#### 4.3.2 Reliabilitet

Reliabilitet er knytt til studiens pålitelegheit og truverdigheit, og viser til spørsmålet om det er trekk ved sjølve undersøkingsopplegget som har skapt dei resultata studien legg til grunn. Det er også knytt til spørsmålet om studien er til å stole på, og om den er gjennomført på ein truverdig måte som vekker tillit (Jackobsen, 2015, s.241). Reliabilitet viser altså til kva grad undersøkinga viser den verkelege situasjonen og i kva grad resultata kan etterprøvast. For å sikre reliabiliteten i intervjeta, har me valt ut informantar som har kunnskap om økonomisk kriminalitet, og den erfaringa som er krevd for å kunne svare på våre spørsmål. Me har vore i kontakt med fleire av informantane i ettertid, for å bekrefte vår oppfatning av deira synspunkt og utsegner. Med dette legg me til grunn ein viss grad av reliabilitet i denne undersøkinga.

For å oppsummere har me i dette kapittelet diskutert ulike metodar som studien baserer seg på, med fokus på semistrukturerte intervju og innhenting av offentleg tilgjengeleg statistikk. For å svare på problemstillinga «*kva er omfanget av korruption og underslag i norsk næringsliv og kva er årsakene til denne kriminaliteten?*», nyttar me altså fleire framgangsmåtar, og baserer oppgåva både på primære kvalitative og sekundære kvantitativ data. Utval av einingar til intervju, er gjennomført med intensjon om at det skal føreligge ulike respondentar som kan belyse ulike sider av problemstillinga. Avslutningsvis har me sett på kor vidt studien er gyldig, påliteleg og truverdig. I neste kapittel vil funn frå intervju bli presentert, etterfølgt av analyse og drøfting av desse funna, opp mot teori, lovverk og offentleg tilgjengeleg statistikk.

## 5. Presentasjon av resultat og drøfting

I denne delen av studien vil me gjennomgå sentrale funn frå intervju av dei ulike respondentane. Deretter vil me vidare diskutere dette opp mot litteratur og relevante teoriar gjennomgått i kapittel 2, lovverk og juridiske perspektiv, samt innsamla statistikk frå sekundærkjelder. Me vil med dette ta for oss problemstillinga og kvart enkelt av delspørsmåla, og på denne måten vil kapittelet vere delt inn i ulike tema.

### 5.1 Funn frå intervju

Ut i frå intervju med dei ulike respondentane har me funne ulike samanhengar mellom intervjuobjekta, og på denne måten ser me likskapar i oppfatning av ulike problemstillingar kring økonomisk kriminalitet. Me vil derfor presentere dei mest sentrale funna, og fokusere på element som går igjen hjå fleire av respondentane.

#### 5.1.1 Funn: Omfanget av økonomisk kriminalitet

Innleiingsvis ser det ut til at det er brei einigkeit blant intervjuobjekta om at det er vanskeleg å fastslå omfanget av økonomisk kriminalitet. Tina Søreide trekker fram at omfanget av økonomisk kriminalitet er utfordrande å definere, som følgje av at det ikkje er klart korleis ein skal telje denne typen kriminalitet. Vidare peikar Søreide på at korruption som fenomen ikkje er observerbar. Søreide meiner då at ein ikkje kan ta og føle på slik kriminalitet, på same måte som ved andre lovbrot. I tillegg meiner ho at individ som er offer for korruption, nødvendigvis ikkje er klar over at dei faktisk er offer for nettopp dette. Dermed vil ikkje ein varsle om så er tilfellet. Dette inneber at det kan skje korruption utan at nokon har kunnskap om det. Om eit individ er klar over at det føreligg korruption, samtidig som ein tener på dette, vil det også tenkast at ein unngår å varsle. Søreide påpeiker:

*«Om man har all informasjon man skulle ønske seg, hvordan skulle man da telle omfang av korruption? Teller man da antall korrupte transaksjoner eller antall personer involvert?*

*Legger man vekt på størrelse eller samfunnsøkonomiske konsekvenser? Dette er uklart, og dermed er korruption et ullen fenomen».*

-TINA SØREIDE

Søreide presiserer at korruptionsindeksar måler folk si oppfatning av korruption, og dermed vil indeksane ha stort konfidensintervall, og med tilhøyrande låg sikkerheit i målingane.

Vidare gir denne respondenten uttrykk for at risikoen for korruption alltid er tilstades, uansett

kor effektive system ein legg til grunn. I tillegg meiner Søreide at korruption er eit fåkete og udefinert omgrep, som fører til at praksisen er meir tøyteleg. Med dette siktar Søreide til at det er ulike juridiske konsekvensar av at omgrepet er diffust, og dette vil føre til at det er utfordrande å definere kva som er eit lovbrot, og det vil derfor eksistere gråsoner. Det vil vere vanskeleg å skaffe nok informasjon om kor vidt korruption har skjedd, og det vil derfor vere utfordrande å finne bevis. På denne måten kan korruption vere vanskeleg å straffe, meiner forskaren. I likheit med Søreide, hevdar anonym revisor at det antakeleg er ei rekke tilfeller av økonomisk kriminalitet i norske bedrifter.

Økonomisjef ved Hydro avdeling Årdal er tydeleg på at Hydro som overordna bedrift har nulltoleranse for korruption og anna økonomisk kriminalitet, som følgje av at bestikkingar av offentlege tenestemenn er straffbart. Mistankar om underslag og anna økonomisk kriminalitet blir undersøkt, handtert og eventuelt politimeld om det er grunnlag for dette. Respondenten understreker at bedrifta har 35 000 tilsette i 40 land, og 30 000 kundar og eit stort tal leverandørar. Siri Lagmannsås ser dette i samanheng med at dei jamleg avdekker avvik, som inneber alt frå brot på retningslinjer og direktiv, til lovbrot. Ho legg vidare vekt på at dette både kan skje av eigne tilsette eller eksterne.

Ein ser at respondentane har ei felles oppfatning av at eit strengare regelverk knytt til mellom anna korruption, og auka fokus på økonomisk kriminalitet som igjen bidreg til auka risiko for oppdaging, verkar inn på omfanget. Gemetchu Hika, senioradvokat i Compliance-avdelinga i Equinor, legg vekt på at det som følgje av grunnleggjande etiske retningslinjer, system og prosedyrar i bedrifta, vil vere vanskelegare å gjennomføre slike lovbrot i dag, enn tidlegare. Respondenten understreker at selskapet har nulltoleranse for korruption og underslag, noko som vidare er grunnleggjande i alt Equinor gjennomfører på alle nivå. Hika viser til at selskapet tek utgangspunkt i både norsk lovgiving, amerikanske lovar som følgje av at selskapet er børsnotert i USA, britisk regelverk, samt lovgiving i det gitte land ein opererer i. På denne måten understrekar respondenten at Equinor har eit rammeverk som er med på å redusere omfanget av økonomisk kriminalitet. Når det gjeld underslag seier Hika følgande: «*Om man stjeler en PC, jukser med reiseregning, eller gjør underslag på andre måter, er dette et lovbrudd fra den tilsette som rammer eget selskapet. Vi har en egen avdeling som driver med etterforskning av denne typen saker, der de gjennomfører granskning, intervju og skriver rapporter. Om det deretter blir dokumentert at tilsette gjør slike lovbrudd, vil det få konsekvenser.*»

-GEMETCHU HIKA

Til tross for dette påpeiker respondenten at det er oppdaga misleghald i seinare tid, der han siktar til to korruptionssaker. Han understreker vidare at det då ikkje er korruption på vegne av føretaket, men tilsette som har vore mistenkt for dette på bakgrunn av individuell vinning. Det er altså situasjonar der tilsette har latt seg smøre utan at selskapet er involvert. Hika presiserer at desse tilfella har vore eit klart lojalitetsbrot overfor selskapet, der selskapet er eit offer.

Advokat Rømmen antar at det i dag er meir økonomisk kriminalitet enn tidlegare, og understrekar at ein av årsakene til dette er at det har utvikla seg ei rekke moglege metodar å manipulere rekneskapet på. Vidare legg han til grunn at det er krevjande å avgjere kor vidt økonomisk kriminalitet er ei utfordring i norske verksemder. Dessutan fokuserer han vidare på at mørktal er ein realitet. I tillegg meiner Rømmen at økonomisk kriminalitet, så vel som andre typar kriminalitet, varierer geografisk i Noreg. Han trekkjer fram at omfanget av økonomisk kriminalitet er komplekst, og viser til at det ofte er store beløp når det gjeld denne typen kriminalitet.

*«Økonomisk kriminalitet er en type kriminalitet, der det ofte er mange millionar og gjerne milliarder i ulovlig utbytte, og som i flere tilfeller ikke blir oppdaget eller straffet».*

-JAN ARILD RØMMEN

På bakgrunn av dette påpeiker Rømmen at han oppfattar at det er fleire som unnlet å melde i frå om slik type kriminalitet, då ein gjerne har inntrykk av at myndighetene ikkje har ressursar til å etterforske økonomisk kriminalitet, og at prosessane er komplekse og omfattande. Rømmen gir uttrykk for at det er relativt lite av korruption i norske verksemder, men at det likevel tyder på å vere meir av denne typen kriminalitet enn det dei fleste antek.

Jan-Egil Kristiansen hevdar at omfanget av økonomisk kriminalitet er kompleks, og viser til at det er betydelege mørketall utover melde saker på området. Kristiansen hevdar:

*«Den økonomiske kriminaliteten blir mer alvorlig, mer organisert og profesjonalisert, mer global og internasjonalisert på tvers av landegrensene, og benyttes i større grad på digitale plattformer. Kriminaliteten blir mer multikriminell».*

-JAN-EGIL KRISTIANSEN

### *Tiltak for å redusere omfanget*

For å avgrense omfanget ser me at dei to respondentane som representerer bedriftene i næringslivet, legg stor vekt på selskapet sine retningslinjer og tiltak. Hydro fortel at bedrifta har klare etiske retningslinjer når det gjeld økonomisk kriminalitet og misleghald. Selskapet har vidare utvikla «Code of Conduct», som legg grunnlaget for korleis tilsette skal forhalde seg til arbeidsplassen og omverda. Respondenten legg til grunn:

*«I mange tilfelle er det dilemma og ein får ikkje eit klart svar. Derfor gjennomfører me jamlege dilemmatreningar, der tilsette diskuterer ulike problemstillingar for å finne gode løysingar og for å vite kvar grensa går. Dette skjer og i praksis der tilsette diskuterer med kollegaer eller overordna, dersom ein er i tvil».*

- SIRI HJELLVIK LAGMANNSÅS

I følge Lagmannsås har selskapet fleire mekanismar for å sikre etterleving og avdekking av misbruk. Dette inkluderer kontrollsysteem og -miljø, der respondenten trekkjer fram transparente godkjenningsprosessar. Dette inneber at fleire personer er involverte for å godkjenne (“four eyes principle”) transaksjonar. I tillegg gjennomfører Hydros internrevisjon rutinemessige revisjonar.

I likhet med Lagmannsås og Hydro, trekker respondenten frå Equinor fram ulike verkemiddel som selskapet har utvikla for å motverke korruption. Dette inneber alt i frå trening på risikosituasjonar, tydelege beskjedar frå leiing, konkurranseklausular, internkontroll, retningslinjer og meir. Når det gjeld konkurranseklausular er dette knytt til at selskapet legg til grunn objektive kriterier ved avgjersle om avtaleinngåing. Det ser ut til at desse to selskapet fokuserer på klare etiske retningslinjer og internkontroll, som tilsette tek utgangspunkt i, både når det gjeld underslag og korruption. Hika er tydeleg på at ein ikkje skal gjennomføre transaksjonar eller handlingar ein er i tvil om er etisk korrekt:

*«Våre etiske retningslinjer er klare på at en som er ansatt i Equinor ikke skal ligge i gråsoner. Om man er i tvil om noe er etisk riktig eller ikke, så skal man ikke gjennomføre dette. Det er en del av vår kultur og etiske retningslinjer. Det er også klart at dersom man ligger i slike gråsoner, kan det få enorme konsekvenser for både selskapet og den ansatte».*

-GEMETCHU HIKA

Hika trekker fram den kjende Statoil-Horten saken, som tidlegare nemnt i kapittel 2.2.1. Han fortel at Equinor i tida etter desse hendingane har fått implementert effektive kontrollsysteem,

samt ulike program som går ut på å diskutere etiske utfordringar med nærmeste leiar. Målet med dei ulike tiltaka selskapet har satt i verk, er at ein ønsker å ha ein kultur som inkluderer openheit om problemstillingar knytt til situasjonar med risiko for korruption. Respondenten hevdar at både selskapet og norsk næringsliv har endra seg sidan tidleg 2000-talet, der Hika poengterer at bevisstgjering rundt økonomisk kriminalitet har auka. Selskapet har vidare brukt mykje ressursar på å opprette ei eiga avdeling, som arbeidar med mellom anna korruption, kvitvasking og økonomiske transaksjonar. Hika er tydeleg på at Statoil-Horten saken ikkje kunne ha oppstått i det omfang i dag:

*«Om de samme omstendighetene i Horten-saken, hadde foreligget i dag, ville dette blitt stoppet på et veldig tidlig stadium, og det ville ha lyst røde varseflagg tidlig i saken».*

-GEMETCHU HIKA

På den eine sida, meiner Hika at om ein ser på korruption på eit overordna og globalt nivå, er det relativt utbreidd med slike lovbrot i samband med anskaffingar. På den andre sida legg respondenten til grunn at Equinor som selskap har klare prosessar og prosedyrar på korleis deira anskaffingar skal handterast. Selskapet gjennomfører anskaffingar for omlag 160 milliardar i året, og Hika er derfor tydeleg på at det alltid er minst to uavhengige personar i kvar transaksjon. Vidare har Equinor også rammeavtalar, som er utvikla gjennom prosessar der ein vel ut leverandørar som er kompetente og som er konkurransedyktige på pris. I tillegg er det automatiserte kontrollar på betalingar. Med dette understreker Hika at det vil vere høgt sannsyn for oppdaging av slike lovbrot i selskapet.

Kristiansen, ved det offentlege tilsynsorganet Skatteetaten, er tydeleg på at dei har klare instruksar for underretning til politi dersom tilsette får mistanke om alvorlege straffbare forhold, utanfor Skatteetaten sitt forvaltingsområde. Han trekker fram at om Skatteetaten avdekker korruption under deira skattekontrollar, vil dette utløyse eit samarbeid med politiet og ØKOKRIM.

#### 5.1.2 Funn: Den typiske lovbrytaren

Respondentane har nokre felles oppfatningar av kven den typiske lovbrytaren er, samt ei oppfatning av kva situasjonar eit individ befinn seg i, når ein vel å ta del i økonomisk kriminalitet. Dette vil og vidare bli representert i kapittel 5.1.3 om risikosituasjonar. Revisor hevdar at den typiske lovbrytar er assosiert med personar som har makt, og som har

moglegheit til å overstyre rekneskapet. I tillegg påpeiker respondenten at dette er personavhengig, og er knytt til dei verdiane den enkelte sit med.

*«Man må sitte i posisjoner som gir mulighet til å kunne foreta seg slike handlinger. Når muligheter foreligger, øker også sannsynligheten for slik kriminalitet betydelig.»*

-ANONYM REVISOR

Kristiansen legg på si side til grunn ei oppfatning av at den typiske lovbytaren kan vere ein mann med tilbøyelighet til å ta risiko. Dette understreker synspunkta til Rømmen når det gjeld kven som kan føreta seg slik kriminalitet:

*«En person sitter i en utsatt posisjon for korruption når vedkommende har makt, kunnskap, innsikt og erfaring i denne posisjonen. Personen vet da nøyaktig hvordan alle mekanismar foregår og hvordan alle tannhjul fungerer. Mulighetene er derfor tilstede.»*

-JAN ARILD RØMMEN

Vidare poengterer også Rømmen at slik kriminalitet er bransjeavhengig, og legger til grunn at den typiske lovbytar er avhengig av kva bransje ein opererer i. I internasjonal konkurransesituasjon understreker Rømmen at det kan opplevast som nødvendig å ligge i gråsone og eventuelt smøre for å få i land kontraktar.

Korrupsjonsforskar Søreide trekker fram at den typiske lovbytar er eit individ som har ei oppfatning om at dei lovstridige handlingane er nødvendige for å nå mål, anten det er inntening for eit gitt selskap eller for personleg gevinst. Søreide understreker at:

*«Jeg har møtt personer som har vært involvert i korruption i forbindelse med forsking og annet arbeid på temaet, og etter min oppfatning kan dette godt være personer man raskt får tillit til.»*

-TINA SØREIDE

Vidare er Søreide også tydeleg på at det må vere nokre vilkår på plass for at korruption kan skje, og dette avgrensar andel av individ som kan vere involvert i dette. Respondenten legg vekt på at den enkelte må vere i ein posisjon, der ein har innverknad over avgjersler, noko som understrekar revisor og Rømmen sin oppfatning av dette. Søreide fokuserer også på at den potensielle lovbytaren må legitimere eigne handlingar, slik at den moralske kostnaden reduserast. Søreide er tydeleg på at det gjerne er typiske situasjonar ein ser på når det gjeld økonomisk kriminalitet, og personar som befinn seg i desse, vil vere grunnlaget for den

typiske lovbytaren. Det må vere situasjonar der eit individ kontroller verdiar, som andre ikkje kan tildeigne seg berettiga, hevdar ho. Avslutningsvis trekker ho fram:

*«Det må foreligge muligheter, og ikke minst må det være vilje til å utnytte disse mulighetene».*

-TINA SØREIDE

### 5.1.3 Funn: Årsaker til økonomisk kriminalitet

#### *Risiko for oppdaging*

Respondentane er samde i at risiko for oppdaging verkar inn til tilbøyelighet for å utføre økonomisk kriminalitet. Søreide understreker at det er låg risiko for oppdaging av økonomisk kriminalitet, samstundes som denne forma for kriminalitet har eit stort, forventa utbytte. Ho hevdar vidare at ein kostnad-nytte vurdering er relevant i forkant, for den gitte gjerningsperson, og ho er tydeleg på at denne vurderinga er subjektiv. Respondenten meiner at moralsk kostnad kan vere ein sentral faktor her, som er knytt til rasjonalisering av handlingar. Likevel legg ho til grunn at ei slik vurdering ikkje kan forklare alle tilfeller av lovbroten på det økonomiske området. Rømmen er klart einig i Søreide si vurdering av risiko for oppdaging. Vidare seier respondenten:

*«Anledning gjør tyv. Der det fins en mulighet, der sannsynligheten for å bli tatt er lav og konsekvensen er liten i forhold til gevinsten ved å lykkes, vil også ulovligheter skje».*

-JAN ARILD RØMMEN

Den tidlegare politijuristen trekk fram eit døme: ein norsk finansinstitusjon melde 6000 saker til Kripos/ØKOKRIM, der institusjonen hadde sjølv funne moment av økonomisk kriminalitet i kvar sak. Av desse blei 200 saker opna, medan dei resterande ikkje blei vurdert. 60 av desse førte til påtale. Med dette hevder Rømmen at det er svært låg risiko for oppdaging for den potensielle lovbytaren. Seksjonssjef Kristiansen understreker på same måte den uheldige verknaden av at ei rekke slike saker blir lagt bort, som følgje av kapasitetsavgrensingar.

Kristiansen gir uttrykk for at risiko for oppdaging er vesentleg, samtidig som han trekk inn at størrelse på utbytte også har ein innverknad på tilbøyeligheten. Han påpeikar at:

*«De kriminelle «hopper over gjerdet der det er lavest», hvor risikoen er minst og profitten er størst».*

-JAN-EGIL KRISTIANSEN

Kristiansen legg til grunn at oppdagingsrisiko og konsekvensane av å bli tatt er den viktigaste årsaka til at ein avstår frå økonomisk kriminalitet.

Anonym revisor er av same oppfatning når det gjeld risiko for oppdaging. Deretter antar respondenten at denne risikoen er betydeleg lågare for bedrifter og enkeltpersonar som ikkje er kontrollert, til dømes av ekstern revisor. Revisor hevdar at:

*«Slik kriminalitet er vanskeleg å bevise, samtidig som den er vanskelig å oppdage. Jo mer kontroller det finnes i samfunnet, jo høyere er sannsynligheten for å bli oppdaget og således vil man være mindre tilbøyelig for å gjøre slike handlinger».*

-ANONYM REVISOR

Når det gjeld sannsynet for oppdaging av økonomisk kriminalitet, legg både Hydro og Equinor same resonnement til grunn. Dei to private aktørane fokuserer på interne prosessar og kontrollmekanismar som skal sikre og ettergå at tilsette overhold gjeldane lover og reglar. Hydro peiker på at deira internrevisjonen gjennomfører regelmessige revisjon innanfor områder med høgare risiko og vil og gå inn i konkrete saker, dersom det er mistanke. Equinor er tydeleg på at det vil vere vanskeleg å kome unna med økonomisk kriminalitet, som følgje av deira prosedyrar og kontrollar.

#### *Drivkrefter bak økonomisk kriminalitet*

Korrupsjonsforskar Søreide, fokuserer på incentivteori, der kjernen i dette er retta mot kva det ligg til grunn for den enkelte sine handlingar. Ho peiker på at det vil vere ulike faktorar og forhold som spelar inn. Dette kan vere både sosiale faktorar og ønske om personleg vinning. Samt hevdar Søreide at ansvarskjensle for den gitte bedrifta som den tilsette er ein del av, også verkar inn. Respondenten skil mellom direkte og indirekte faktorar, som er med på å påverke den enkelte sine handlingar. Direkte faktorar er knytt til direkte vinning, risiko for oppdaging og direkte konsekvensar om ein blir oppdaga. Søreide poengterer at indirekte faktorar er vel så avgjerande. Dette kan vere ønske om å støtte opp om det bedrifta prøver å nå, gruppесаманsetning og rasjonalisering av handlingar. Når det gjeld gruppесаманsetning og gruppodynamikk, understreker ho:

*«Det å være en del av en gruppe, som arbeider mot et felles mål, kan føre til at den enkelte kan gå enda lenger i å forsvere lovstridige handlinger. Dette er konformitetsprinsippet, og viser at folk flest er tilbøyelige til å forsvere mye for gruppens skyld, selv om man ikke tjener så mye på det selv».*

-TINA SØREIDE

## *Straff*

Respondentane har ei felles oppfatning om at strafferammene i Noreg er tilfredsstillende. Likevel fokuserer respondentane på andre moment, som tyder på at økonomisk kriminalitet ikkje blir straffa optimalt. Advokat Rømmen seier:

*«Om man først blir tatt for alvorlige lovbrudd, er det strenge nok straffer. Problemet er at risikoen for straff er lav. Samtidig er det slik at når sakene kommer til retten, er de ofte «barberte». Mye av selve saken er da skrekt bort, og det er bare toppen av isfjellet som er med».*

-JAN ARILD RØMMEN

Rømmen meiner med dette at den reelle straffa er for låg, då ei rekke av sakene ikkje kjem til doms. Vidare legg han vekt på at optimal straff er avhengig av kva reell effekt konsekvensane får i realiteten, i den enkelte situasjonen. Rømmen meiner at tap av lisens, i yrker der dette er essensielt, kan vere effektivt som straff. Han hevdar vidare at det som er effektiv straff for slik kriminalitet er ein kombinasjon av føretaksstraff, tap av lisens der dette er sentralt og personleg straff. Anonym revisor hevdar også at det er strenge nok lover og reglar på området, men likevel meiner respondenten at det er mogleg å finne såkalla «smutthol» i lovverket, som ein kan utnytte. Med dette meiner respondenten at det vil vere mogleg å tøye regelverket.

Betydinga av straffenivået er uklart, i følgje Søreide. Likevel er ho tydeleg på at tilfeller der gevinst er større enn bot og anna kostnad, fører til at den enkelte bedrift eller tilsette økonomisk tener på slike handlingar. Vidare hevdar Søreide at føretaksstraff reduserer ansvaret til den enkelte lovbrytar. På denne måten meiner ho at straffesystemet kan påverke avgjersler for å vere involvert i slik kriminalitet. Likevel trekk ho fram at det gitte føretaket har eit ansvar, og derfor vil optimal straff vere ein kombinasjon av straff for det enkelte individ og for bedrifta. Søreide gir uttrykk for at strafferammene på området er betydelege, men at utfordringa ligg i for låg oppdagingsrisiko. Dette vil ha negativ effekt for innbyggjarane som har tillit til systemet, og vil påverke potensielt andre som vurderer å utføre straffbare handlingar.

Søreide peiker på at det også er andre forhold enn straff som påverkar den som utfører kriminelle handlingar, som til dømes tillit og oppslutning rundt system. Ho gir uttrykk for at

ein system med tydelege reglar og klare rammer, som er bygd opp demokratisk, kan vere med å redusere tilbøyeligheten til å vere kriminell.

#### *Ressursar, varsling og etterforsking*

Respondentane har ulike oppfatning når det gjeld kor vidt bruk av ressursar og etterforsking av økonomisk kriminalitet, verkar inn på tilbøyelighet. Anonym revisor gir uttrykk for at etterforsking av denne typen kriminalitet ofte kan gå seint, som følgje av at det ofte er komplekse saker. Rømmen understreker også at prosedyrane i straffesaker ser ut til å vere svært komplekse, noko som han meiner er ufordelaktig for systemet. Vidare har anonym revisor ei oppfatning av at det er for lite ressursar på området. Dette hevdar respondenten verkar inn på oppfatninga av risikoen for oppdaging for den gitte lovbytar:

*«Om man ikke blir tatt for et lovbrudd eller en kriminell handling, vil enkelte se på dette som en mulighet. Dette vil si at jo lavere sannsynlighet for å bli oppdaget, desto høyere sannsynlighet er det for at mennesker begår slike handlinger».*

-ANONYM REVISOR

Søreide gir uttrykk for at ein bør sette inn meir ressursar og innsats mot økonomisk kriminalitet, og seier at tiltaka skulle vore sterkare. Ho viser korleis mangelen på ressursar verkar inn på terskelen for å varsle:

*«Varsling i seg selv kan være en vanskelig beslutning, da det kan ha store konsekvenser for den som varsler. Det er en stor belastning, og hvis det er sannsynlig at varslingen ikke fører frem, vil dette vippe mange til å ikke varsle. Dette er et problem, og det bør innføres tiltak her for å gjøre det trygt å varsle om samfunnsskadelig praksis».*

-TINA SØREIDE

Kristiansen gir uttrykk for godt samarbeid med mellom Skatteetaten og andre etatar, politiet og ØKOKRIM når det gjeld økonomisk kriminalitet. Likevel legg han til grunn:

*«Ressursmangel og manglende prioritering av slike saker er et generelt problem, ikke minst i Oslo, hvor mye av den tyngste økonomiske kriminaliteten skjer».*

-JAN-EGIL KRISTIANSEN

### *Risikosituasjonar*

Gjennom dei ulike intervjuua, har respondentane lagt til grunn at det vil vere naturleg å definere kva situasjonar som inneholder høgare risiko for økonomisk kriminalitet. Samtlege intervjuobjekt har vidare diskutert kva situasjonar slik kriminalitet oppstår i.

Rømmen peikar på at handel med korupsjonsutsatte land inneber ein grunnleggjande korupsjonsrisiko. Dette meiner han botnar i ulik kultur, og ulike metodar å drive forretning på. Anonym revisor ser på ei anna side ved dette, og trekker mellom anna fram at i situasjonar der organisasjonar med tilsette som har nære relasjonar til kvarandre, berer ein form for risiko. Revisor hevdar at:

*«Samarbeid mellom flere parter internt i ein stor organisasjon vil kunne føre til at de hjelper hverandre med å skjule slik kriminalitet. Dette krever naturligvis at partene er på ett nivå som tillater de å overstyre kontroller. De må altså sitte i en posisjon i selskapet som gir de muligheter. Små selskaper er gjerne mer gjennomsiktig, mens det vil være vanskligere å kontrollere store selskap med millioner av transaksjoner».*

-ANONYM REVISOR

Selskapa Equinor og Hydro har ei felles tilnærming når det gjeld ulik risiko i handelssituasjonar. Hika fortel at Equinor har eigne prosedyrar som er sterke i samband med kontraktar og handel med selskap i land med høg korupsjonsrisiko. Lagmannsås understreker at Hydro legg vekt på at i situasjonar der ein handlar med bedrifter som er lokalisert i korrupte land, er det ulike retningslinjer:

*«Interne retningslinjer har ein risikobasert tilnærming slik at moment må sjekkast ut i samband med avtalepartnarane som har tilknyting til land med høg risiko, altså land tilknytt korrupsjon».*

-SIRI HJELLVIK LAGMANNSÅS

Lagmannsås trekker og fram at det finst nokre typiske ibuande risikofaktorar for korruption. Den aller største er knytt til interaksjon med offentlege tenestemenn, samt innkjøpssituasjonar. Andre situasjonar som kan vere utsatt, er bruk av agentar for anten sals- eller innkjøpsverksemd.

## 5.2 Omfanget av økonomisk kriminalitet


Det finst ulike mål og statistikkar på omfanget av økonomisk kriminalitet, men kor vidt desse reflekterer verkelege tal er vanskeleg å slå fast. ØKOKRIMS risikovurdering viser at trusselen for økonomisk kriminalitet har auka (ØKOKRIM, 2016). Respondentane antar at det er store mørketal, og nokså einige i at økonomisk kriminalitet og omfanget av dette er eit komplekst tema. Fleire av respondentane legg også vekt på at det stadig utviklar seg nye måtar å gjennomføre slik kriminalitet på.

### 5.2.1 Melde saker som mål på omfang

Melde saker, som mål på omfang, kan i noko grad gi ei oppfatning av kor vidt økonomisk kriminalitet er utbreidd i Noreg. STRASAK-rapportar frå dei siste åra, som diskutert i kapittel 2.1, viser til auka politimelde økonomilovbrot. Likevel peikar mellom anna respondenten Søreide på at det er vanskeleg å vite kor vidt slike tal og statistikkar reflekterer verkelegheita. Om desse tala indikerer auka innsats mot problemet slik at ein oppdagar meir, eller om det faktisk er ein reell auke, er utfordrande å konstatere. Det er og viktig å understreke at økonomisk kriminalitet tyder på å vere vesentleg meir utbreidd enn kva anmeldingsstatistikken tilseier, då det sannsynlegvis er store mørketal.

*Figur 4: Melde lovbrod i kategorien økonomisk kriminalitet, frå 1993 til 2014 (Statistisk sentralbyrå, 2018)*

08484: Lovbrudd anmeldt, etter år. Økonomisk kriminalitet, Lovbrudd anmeldt.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figur 4, over, viser ei utvikling i melde lovbro i kategorien økonomisk kriminalitet, frå 1993 til 2014. Ein ser med dette ei relativt stabil utvikling, med unntak i 2003<sup>12</sup>. I 1993 var det omlag 7000 melde lovbro, medan det i 2014 var omlag 8000 melde lovbro.

*Figur 5: Melde lovbro i kategorien korruption, frå 2003 til 2018 (Statistisk sentralbyrå, 2018)*

08484: Lovbrudd anmeldt, etter år. ↗ Korruption og påvirkningshandel, Lovbrudd anmeldt.




Som vist i figur 5, er det svingingar i melde korruptionsslovbro frå 2003 til 2018. Ein ser at denne kategorien nådde toppunkt i 2011<sup>13</sup>, med omkring 120 melde korruptionsslovbro, der det i seinare tid har vore ei lågare mengd melde saker per år. I 2018 var det omlag 40 melde korruptionsslovbro.

<sup>12</sup> Ved omlegginga av STRASAK frå oktober 2002 blei det innført eit sentralt løpenummer, mot tidlegare lokale løpenummer. Dette bidrog til at saker kunne dobbeltregistrerast, noko som forklarar avviket i 2003 (SSB, 2019).

<sup>13</sup> Toppunktet i 2011 skuldast etterregistreringar av lovbro (SSB, 2019).

Figur 6: Melde lovbro i kategoriane underslag og økonomisk utruskap, i frå 2003 til 2018  
 (Statistisk sentralbyrå, 2018)

08484: Lovbrudd anmeldt, etter lovbruddstype og år. Lovbrudd anmeldt.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Utviklinga i melde lovbro knytt til underslag og økonomisk utruskap har vore relativt stabil, med nokre svake svingingar, frå 2003 til 2018. Figur 6 viser totalt ein nedgang i talet melde lovbro i desse kategoriene, med omlag 1800 melde saker i 2003, mot omlag 1000 melde saker i 2018. Ein ser også at alminnelege underslag er meir utbreidd, enn grovt underslag.

### 5.2.2 Oppdaging, oppklaringsprosent og varsling

Det ser ut til at risiko for oppdaging for den gitte lovtrytar, oppklaringsprosent og tilbøyelighet til å varsle, verkar inn på omfanget av økonomisk kriminalitet. Den gitte lovtrytar si tilbøyelighet til å gjennomføre straffbare handlingar, aukar i takt med reduksjon i oppdagingsrisiko. Oppklaringsprosent i økonomilovbrot, i følge STRASAK-rapporten 2019, ligg på omkring 30-33%. Det er og vist at mangel på ressursar, fører til at ei rekke saker ikkje blir behandla. Tilbøyelighet til å varsle, som diskutert i kapittel 2.7.2, ser ut til å vere påverka av oppfatninga av at varslinga får ein framtidig effekt. Dersom den potensielle varslaren har eit inntrykk av at varslinga ikkje fører til resultat, vil dette igjen kunne verke inn på lovtrytarens oppfatning av risiko for oppdaging. Ein ser med dette at det vil vere ei kumulativ effekt som verkar inn på omfanget av økonomisk kriminalitet.


### 5.2.3 Straff

Ut i frå teori kring tilbøyelighet til å utføre kriminelle handlingar og intervju med ulike respondentar, ser det ut til at straff og potensiell konsekvens av lovbrot, har innverknad på omfanget av kriminalitet. Straff kan også vere ein del av årsakene til økonomisk kriminalitet, om sanksjonane ikkje oppnår effekt. Ei rekke teoriar viser til at dersom potensiell straff og bot er større enn potensiell gevinst oppnådd ved lovbrotet, vil dette gi utslag i lågare tilbøyelighet. Dette understreker betydinga av at sanksjonane som leggjast må vere tilstrekkeleg høge.

I kapittel 3 såg me på verknaden av føretaksstraff og individuell straff. Respondentane er nokså samde i at ein kombinasjon av desse to vil vere optimalt for å oppnå ønska effekt av straff og sanksjonar. Fleire respondentar legg likevel vekt på at føretaksstraff åleine vil kunne minimere ansvarskjensle, og gruppehomogenitet vil kunne vere gjeldande.

*Figur 7: Straffa personar i lovbrotskategori korruption, i frå 2010 til 2018 (Statistisk sentralbyrå, 2018)*

10633: Straffede personer, etter kjønn og år. ↗ Korruption og påvirkningshandel, Straffede personer.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

Om ein samanliknar tala i figur 7 med tala i figur 5, ser ein at det også her betydeleg skilnad mellom melde saker og straffa personar, i lovbrotskategorien korruption. I følgje figur 5 var det omkring 40 melde lovbrot knytt til korruption i 2018, samanlikna med 8 straffa personar same år i same kategori (menn og kvinner). Ein ser vidare ut i frå figur 7 at det er flest menn som er straffa for korruption, i frå 2010 til 2018. Dette kan vidare relaterast til neste delkapittel om den typiske lovbrytaren.

Figur 8: Straffa personar i lovbrotskategoriane underslag og økonomisk utruskap, i frå 2010 til 2018 (Statistisk sentralbyrå, 2018)

10633: Straffede personer, etter hovedlovbruddstype, kjønn og år. Straffede personer.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Om ein samanliknar tala i figur 8 med tala i figur 6, som viser melde lovbroter i same kategori, ser ein at det er få melde saker som fører til straff. I følge figur 6 var det omkring 1100 melde lovbroter i kategorien underslag i 2018, samanlikna med omlag 200 straffa personar same år i same kategori (menn og kvinner). Det er viktig å nemne at nokre av dei melde lovbrota kan vere grunnlause. Økonomisk kriminalitet kan vere utfordrande å etterforske, og det kjem i noko grad fram av desse tala. Ein ser også ut i frå figur 8 at det er flest menn som er straffa for underslag og økonomisk utruskap. Dette kan vidare relaterast til neste delkapittel om den typiske lovtrytaren.

#### 5.2.4 Konklusjon

For å konkludere ser ein at omfanget av underslag og korruption er utfordrande å talfeste, som følgje av mørketal, og avvikande statistikk. Det er tydeleg at ei rekke ulike faktorar påverkar omfanget av økonomisk kriminalitet, noko som vidare blir diskutert i kapittel 5.4. Det kjem fram av statistikk i dette delkapittel at skilnaden mellom melde saker og straffa personar i dei gitte kategoriane er betydeleg, noko som truleg vil påverke omfanget på økonomisk kriminalitet og tilbøyeligheten til den gitte lovtrytaren.

## 5.3 Den typiske lovbytaren: bedrift og individ

På bakgrunn av litteratur, tidlegare undersøkingar, svar frå respondentane kring spørsmål om den typiske lovbytar knytt til økonomisk kriminalitet, kan ein danne seg eit bilet av kven dette er. Det er nokre kjenneteikn ved slike lovbytarar.


### 5.3.1 Individet og stilling

Både tidlegare undersøkingar og litteratur viser til typiske kjenneteikn ved ein som utfører økonomisk kriminalitet. Det er ofte personar som sit i posisjonar som gir moglegheit til å gjennomføre slike handlingar. Samtlege respondentar understreker dette, og trekk fram at det gjerne er individ med makt og kunnskap. Dermed vil den typiske lovbytaren ofte ha høg utdanning, og sitte i ei leiande stilling. Statistikk og respondentanes oppfatning av kjønnsdeling i slik kriminalitet er samanfallande, der menn tydeleg er meir involvert. Dette understreker også Kahneman si oppfatning om at menn er meir risikovillige enn kvinner, som diskutert i kapittel 2.4.1.

Når det særskilt gjeld korruption, ser den typiske lovbytar ut til å vere eit individ som sit med avgjerslemyndighet, som vidare forvaltar ressursar. Dersom ein ser på underslag og økonomisk utruskap, vil gjerningspersonar her ofte vere dei som blandar selskapet sin økonomi og privat økonomi. I desse sakene er det stort sett nye aktørarar frå sak til sak, og då vil ofte motivet vere akutt pengebehov.

*Figur 9: Sikta personar for økonomisk kriminalitet, etter kjønn og alder i frå 2010 til 2014  
(Statistisk sentralbyrå, 2014)*

09422: Siktede personer i alt for hver lovbruddsgruppe, etter kjønn, alder og år. Siktede personer for økonomisk kriminalitet.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figuren viser til absolutte tal, som kan gjøre det utfordrande å tolke samanhengar. Me ser av figuren over, at i frå 2010 til 2014, er menn i aldersgruppa 30-39 år mest involvert i økonomisk kriminalitet. Like etter kjem menn i aldersgruppa frå 40-49 år. Når det gjeld kvinner, er det tydeleg at aldersgruppa 30-39 år er hyppigare sikta for denne typen kriminalitet. Det er viktig å understreke at det ofte er desse personane som sit i posisjonar som moglegger økonomisk kriminalitet.

### 5.3.2 Bedrifta og situasjonen

På bakgrunn av tidlegare studiar og oppfatningar til respondentane i denne oppgåva, kan ein seie at det er nokre, spesifikke kjenneteikn ved ei bedrift, der det føregår økonomisk kriminalitet. Det kjem fram at dei største bedriftene kan vere meir utsatt, då dette inneber fleire relasjoner til omverda, samt fleire transaksjonar. Ein vil også då ha fleire tilsette som kan utføre kriminelle handlingar. Likevel legg både representantane frå Hydro og Equinor vekt på klare retningslinjer og eigne avdelingar som arbeidar mot økonomisk kriminalitet.

Ein kan seie at økonomisk kriminalitet oftare skjer i typiske risikosituasjonar. Handel med bedrifter i korupsjonsutsatte land, vil vere ein ibuande risikofaktor for det gitte selskap. Nokre respondentar legg også vekt på at økonomisk kriminalitet er avhengig av verkeområde, der bedrifter som befinn seg i ein internasjonal konkuransesituasjon kan oppleve at det er nødvendig å ligge i gråsone og eventuelt smøre for å få i land kontraktar. Eit døme på dette kan vere Hydro sitt samarbeid med TadAZ i Tadsjikistan.

### 5.3.3 Konklusjon

Med dette kan ein konkludere med at det finst ulike kjenneteikn ved eit individ som utfører økonomisk kriminalitet. Den typiske lovbytar er gjerne ein mann, med makt og kunnskap, som sit i ein posisjon med avgjerslemyndigheit. I tillegg til dette ser ein at store bedrifter er meir risikoutsette for økonomisk kriminalitet, då slike bedrifter kan vere uoversiktlege. Handel med bedrifter i korupsjonsutsette land vil også kunne vere grunnlag for misleghald, noko som kan vere bransjeavhengig.

## 5.4 Årsaker til økonomisk kriminalitet

Gjennom teori og respondentanes oppfatning av årsakar til økonomisk kriminalitet, vil det vere mogleg å peike på ulike motiv for å utføre slike lovbrot. Desse motiva kan variere, men likevel vil det vere nokre fellestrekke.

### 5.4.1 Kva er årsakene til individ utfører økonomisk kriminalitet?

Årsakene til at eit individ utfører kriminelle handlingar kan vere ulike. Likevel vil ein på bakgrunn av teoriar og kvalitativ metode kunne forklare nokre av desse. Ein kan legge til grunn at den potensielle lovbrytaren vil avvege forventa gevinst i forhold til moglege tap, ved ei kostnad-nytte vurdering. Rasjonalitetsteorien, som diskutert i kapittel 2, fokuserer på at dersom gevinsten er større enn kostnaden, vil kriminalitet bli utført. Dermed vil kriminalitet vere føretrukke om den forventa nytten er positiv.

Vidare vil då sannsynet for å bli oppdaga og mogleg konsekvens og straff, påverke attraktiviteten til å faktisk utføre kriminelle handlingar. Desse er viktige faktorar som påverkar nivået av økonomisk kriminalitet. Samanhengen mellom desse faktorane er også relevant. Om straffen er låg, vil det ha mindre innverknad på den potensielle lovbrytar. Om sannsynet for å bli tatt, oppdagingsrisiko, er låg, er straffenivået nærmast irrelevant. Respondentane understreker at risiko for oppdaging og konsekvens er dei viktigaste årsakene til at ein eventuelt avstår frå slik kriminalitet.

### 5.4.2 Kva er årsaka til at bedrifter tar del i korrupsjon?

Tilbøyeligheten for ei bedrift til å tilby bestikkingar er avhengig av ulike faktorar. For det første vil kjenneteikn ved bedrifta vere avgjerande. Dette er knytt til om ei bedrift er utanlandsk eller lokal, samt kor stor den gitte verksemda er. For det andre er sektoren som bedrifta er ein del av, eit sentralt element i ei bedrifts tilbøyelighet til å ta del i korrupsjon. Dette er knytt til konkurranseforhold i den gitte bransje. Til slutt vil omstende i landet som bedrifta er lokalisert i, verke inn på kor vidt ein tek del i korrupte handlingar.

Det kan likevel vere utfordrande å finne den konkrete årsaka til at ei bedrift bevisst utfører økonomisk kriminalitet. Årsakene kan vere komplekse, og er ofte ein kombinasjon av ei rekke faktorar.

#### 5.4.3 Konklusjon

Det ser ut til at tilbøyelighet til at eit individ eller ei bedrift vel å ta del i økonomisk kriminalitet, har samanheng med oppdagingsrisiko og potensiell konsekvens. Desse to faktorane blir vege opp mot det potensielle utbyttet av den straffbare handlinga. Ei bedrifts tilbøyelighet er vidare også avhengig av andre faktorar.

#### 5.5 Korruption som samfunnsproblem

Korruption kan ha mange skadelege konsekvensar, og denne studien viser tydeleg at korruption er eit samfunnsproblem. Konsekvensane kan vere mange og komplekse. Respondenten, Tina Søreide, har igjennom eit G-20 samarbeid hatt fokus på viktige konsekvensar av korruption. Det blir her hevda at korruption undergrev institusjonane som ein har tillit til, og svekker rettsstaten, særleg i situasjonar der det offentlege er korrupt. I tillegg vil avgjersler takast på feil grunnlag, og dette fører til feilallokering av goder som igjen kan skape sosiale skilnadar. Vidare vil korruption undergrave investeringar og føre til budsjettforstyrningar.

Korruption vil med dette skape ubalanse i konkurransesituasjonar. Konsekvensane vil også avhenge av kvar korruptionen skjer, då det er retta mot kor store skeivheitar og forstyrningar korruptionen fører til. Dessutan vil korruption opne for andre typar kriminalitet, og slike kriminelle handlingar er ofte eit teikn på at noko ikkje fungerer som det skal. På denne måten kan ein seie at korruption kan redusere vår kollektive evne til å nå globale utviklingsmål.

## 6. Konklusjon

Formålet med denne studien har vore å avdekke omfanget av korruption og underslag i norsk næringsliv, og årsakene til at eit individ eller ei bedrift vel å utføre økonomisk kriminalitet. Vidare har me også sett på den typiske lovbytaren når det gjeld slik kriminalitet, samt korleis relevante lover og risiko for oppdaging verkar inn på omfanget.

Omfanget av korruption og underslag i norsk næringsliv er vanskeleg å slå fast, då det ikkje er eintydig einsemd i korleis ein måler dette. Dette kjem av at det er uklare definisjonar av omgropa, samtidig som det er utfordrande å framskaffe relevant informasjon. Mørketal vil føre til avvikande statistikkar, som igjen vil kunne gi eit feilaktig bilet av verkelegheita. Fleire rapportar og statistikkar viser til eit aukande omfang av økonomisk kriminalitet i norsk næringsliv, der denne typen kriminalitet stadig blir meir kompleks og utfordrande å oppdage. Det tydar på at ei rekke faktorar påverkar omfanget av økonomisk kriminalitet, som til dømes oppdagingsrisiko, potensiell straff og sosiale faktorar.

Det vil vere ulike individ og bedrifter som utfører økonomisk kriminalitet, men likevel kan ein hevde at det er nokre kjenneteikn ved den typiske lovbytaren. Når det gjeld individ, vil dette ofte vere menn, i aldersgruppa 35-50 år, som sit i posisjonar med makt og avgjerslemyndigkeit. Vidare kan ein konkludere med at i store og uoversiktlege bedrifter, som handlar med selskap i korruptionsutsatte land, kan det oppstå ulike misleghald. I bedrifter med manglande kontroll vil det vere lettare for den potensielle lovbytar å utføre underslag.

Det vil vere ulike faktorar som påverkar omfanget av økonomisk kriminalitet, herunder korruption og underslag. Det er tydeleg at oppdagingsrisiko verkar inn på tilbøyelighet til den gitte lovbytar, der låg oppdagingsrisiko vil stimulere til fleire kriminelle handlingar. Samtidig ser det ut til at den potensielle konsekvensen og straffenivået og lovene på området er strenge nok, men utfordringa vil vere retta mot oppfatninga av kor vidt slike lovbroter blir oppdaga. Oppfatninga av oppdagingsrisiko, tilgang på ressursar knytt til etterforsking og handheving av lovverket, vil påverke tilbøyelighet til å varsle.

For å redusere omfanget av økonomisk kriminalitet vil det vere nødvendig å auke oppklaringsprosent og oppdagingsrisiko. Dette vil kreyje auka innsats og meir ressursar, av

både styresmaktene og verksemndene sjølve. Ved å auke oppdagingsrisiko vil dette føre til at fleire lovbrot blir oppdaga. Samtidig vil oppfatninga av oppdagingsrisiko bli påverka av dette. Ein ser då at dette vil skape ein kumulativ effekt. Dette er eintydig positivt og styrkar rettsstaten. Likevel kan ein få ein motstridande effekt ved å oppdage fleire slike lovbrot. Ved at ein oppdagar fleire lovbrot, vil ein få ei oppfatning av at slike lovbrot er vanleg. Desto vanlegare ein oppfattar at det er, desto meir vil slike handlingar bli sosialt akseptert. Trass dette, kan ein anta av nettoeffekten av auka ressursar og tiltak mot økonomisk kriminalitet, vil vere positiv.

## Vidare forsking

Vår oppgåve utelukkar analyse av ein eventuell smitteeffekt av korruption. Dette vil seie kor viidt korruption kan smitte, altså om ei bedrift som samhandlar og møter andre som er korrupte, blir påverka og smitta av slik åtferd. Våre funn viser til at internasjonale selskap som opererer i korruptionsutsatte land, kan oppleve det naudsynt med korruption i utlandet. Om det føreligg smitteeffekt i form av korrupt åtferd også i heimlandet, vil vere interessant å undersøke nærmare ved vidare forsking.

I tillegg vil det vere interessant å sjå vidare på kva tiltak norske bedrifter setter i verk i kampen mot korruption. Det vil då vere hensiktsmessig å fokusere på kva effekt tiltaka har, på omfanget av denne typen kriminalitet.

## Litteraturliste

- Aksjeloven. (1997). Lov om aksjeselskap (LOV-1997-06-13-44). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1997-06-13-44?q=aksjelov>
- Arbeidsmiljøloven. (2005). Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv (LOV-2005-06-17-62). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-62?q=arbeidsmilj%C3%88lov>
- Arlen, J. (2012). Corporate criminal liability: Theory and evidence. In A. Harel & K. Hylton (Eds.), Research Handbook on the Economics of Criminal Law (pp. 144-203). Cheltenham: Edward Elgar Publishing Limited.
- Arvnes, E. (2016). *Hvem begår økonomisk kriminalitet?* Henta frå [https://home.kpmg/no/nb/home/nyheter-og-innsikt/2016/08/hvem-begar-okonomisk-kriminalitet.html?fbclid=IwAR0q3-fiLpAuzMVxIRNk7r5m0WTmu\\_eoeDU0\\_rJXEnMzCOchVeitUac7eJQ](https://home.kpmg/no/nb/home/nyheter-og-innsikt/2016/08/hvem-begar-okonomisk-kriminalitet.html?fbclid=IwAR0q3-fiLpAuzMVxIRNk7r5m0WTmu_eoeDU0_rJXEnMzCOchVeitUac7eJQ)
- Bamle, M. & Bruu, B. (2019). *Økonomisk kriminalitet. Truslar og mottiltak.* Oslo: Gyldendal.
- Brudevoll, B.A. (2014). *Kanalisere.* Henta frå <https://snl.no/kanalisere>
- Carson, S.G., Kosberg, N. & Skauge, T. (2017). *Etikk for beslutningstakere.* Oslo: Cappelen Damm.
- Collins, J.M. og F.L. Schmidt (1993). *Personality, Integrity, and White Collar Crime: A Construct Validity Study.* *Personnel Psychology*, 46: 295–311.
- Dørum, O.D & Foss, P.K (2004). *Regjerings handlingsplan mot økonomisk kriminalitet.* Henta frå
- Elden, J. C. (2017). *Straffeloven.* Henta frå <https://snl.no/straffeloven>
- Elden, J.C. (2017). *Korrupsjon.* Henta frå <https://snl.no/korrupsjon>
- Ellingsen, D. (2010). *Virksomheter som ofre for økonomisk kriminalitet.* Henta frå [https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp\\_201049/rapp\\_201049.pdf](https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/rapp_201049/rapp_201049.pdf)
- Energi Norge. (2017). *Økonomisk kriminalitet i energibransjen.* Henta frå <http://www.digiblad.no/energinorge/veileder-okonomisk-kriminalitet/files/assets/common/downloads/publication.pdf>
- Eriksen, B. (Red.). (2014). *Å bekjempe et samfunnsonde.* Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Forvaltingsloven. (1967). Lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker (LOV-1967-02-10). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10?q=forvaltingslov>
- Gottschallk, P. (2017). *Økonomisk kriminalitet. Ledelse og samfunnsansvar.* Oslo: Cappelen Damm.
- Gottshalk, P. (2010). *Leidelse og økonomisk kriminalitet.* Trondheim: Cappelen Damm.
- <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/ud/vedlegg/krimplan.pdf>
- <https://www.slideshare.net/BDONorge/bdo-innsikt-2014-konomisk-kriminalitet-og-korrupsjon>

- Jackobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?* Oslo: Cappelen Damn Akademisk.
- Justisforbunet. (2013). *Bekjempelse av organisert økonomisk kriminalitet gjennom etterforsknings- og påtalesamarbeid mellom politiet og statlige kontrolltater.* Henta fra <https://docplayer.me/2452761-Bekjempelse-av-organisert-okonomisk-kriminalitet-gjennom-etterforsknings-og-patalesamarbeid-mellom-politet-og-statlige-kontrolltater.html>
- Kristoffersen, T (2014). *Virksomhetsstyring og regnaksorganisering.* Bergen: Fagbokforlaget.
- Langfeldt, F.S., Bråthen, T., Viken, M. & Minde, S. W. Lov og rett for næringslivet. Oslo: Gyldendal.
- Lier, C. (2017). *Oppskriften på fremtidens påtalemyndighet.* Henta fra <https://www.juristforbundet.no/nyheter/2017/oppsskriften-pa-fremtidens-patalemyndighet/>
- NTAES (2018). *Kriminelle i arbeidslivet.* Henta fra <https://okokrim.custompublish.com/kriminelle-i-arbeidslivet-ny-rapport-fra-ntaes.6182389-411472.html>
- OECD. (2015). *Improving Co-operation Between Tax and Anti-Money Laundering Authorities.* Henta fra <https://www.oecd.org/ctp/crime/report-improving-cooperation-between-tax-anti-money-laundering-authorities.pdf>
- Politiet (2019). *STRASAK-rapporten 2018. Anmeldt kriminalitet og politiets straffesaksbehandling.* Henta fra <https://www.politiet.no/globalassets/04-aktuelt-tall-og-fakta/strasak/2018/strasak-2018.pdf>
- Politiet (2019). *STRASAK-rapporten 2019. Anmeldt kriminalitet og politiets straffesaksbehandling.* Henta fra <https://www.politiet.no/globalassets/04-aktuelt-tall-og-fakta/strasak/2019/strasak-2.-terial-2019.pdf>
- Price, M. og D.M. Norris (2009). *White-Collar Crime: Corporate and Securities and Commodities Fraud.* Journal of the American Academy of Psychiatry and the Law, 37(4): 538–544.
- PwC .(2016). *Global Economic Crime Survey.* Henta fra <https://www.pwc.no/no/presse/global-economic-crime-survey.html>
- Påtaleinstruksen. (1985). Forskrift om ordningen av påtalemyndigheten (FOR-1985-06-28-1679). Henta fra <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1985-06-28-1679?q=P%C3%A5taleinstruks>
- Regjeringen. (2018). *Budsjettåret 2020.* Henta fra <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-1-s-20192020/id2671253/?ch=1#kap1-3>
- Riksadvokaten. (u.å). *Den høyere påtalemyndighet.* Henta 19.02.2020 fra <https://www.riksadvokaten.no/om-oss/#acc-item-3>
- Sander, K. (Red.). (2019). *Metodetrangulering.* Henta fra <https://estudie.no/metodetriangulering/>

Selskapsloven. (1985). Lov om ansvarlige selskap og kommandittselskaper (LOV-1985-06-21-83).

Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1985-06-21-83?q=selskapslov>

Statistisk sentralbyrå (2014). 09422: *Siktede personer i alt for hver lovbruddsgruppe, etter kjønn og alder. Absolutte tall (avslutta serie) 2010-2014* [Datasett]. Henta frå

<https://www.ssb.no/statbank/table/09422>

Statistisk sentralbyrå (2018). 08484: *Lovbrudd anmeldt, etter lovbruddsgruppe og type lovbrudd.*

*Absolutte tall og per 1000 innbyggere 1993-2018* [Datasett]. Henta frå

<https://www.ssb.no/statbank/table/08484/>

Statistisk sentralbyrå (2018). 10633: *Straffede personer, etter hovedlovbruddsgruppe, type hovedlovbrudd og kjønn. Absolutte tall 2005-2018* [Datasett]. Henta frå

<https://www.ssb.no/statbank/table/10633/>

Statistisk sentralbyrå (2019). *Anmeldte lobrugg. Om statistikken.* Henta frå

<https://www.ssb.no/lovbrudda>

Storberget, K. & Johnsen, S. (2011). *Regjeringens handlingsplan mot økonomisk kriminalitet.* Henta frå

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/jd/vedlegg/handlingsplaner/handlingsplan\\_ok\\_o\\_krim.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/jd/vedlegg/handlingsplaner/handlingsplan_ok_o_krim.pdf)

Straffeloven. (2005). Lov om straffelov (LOV-2005-05-20-28). Henta frå

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28?q=straffelov>

Søreide, T. (2013). Korruption. *Mekansimer og mottiltak.* Oslo: Cappelen Damn.

Thorsen, D.E. (2019). *Nepotisme.* Henta frå <https://snl.no/nepotisme>

Transparency International Norge. (2019). *Korrupsjonsdommer i Norge.* Henta frå

[http://transparency.no/wp-content/uploads/Domssamling2018\\_web\\_1.pdf?fbclid=IwAR1WkuGYvjJMiCpFkdGDldI4H6w7SwNvnOoQcsWcRnp0AZFeCTAwTbpM79o](http://transparency.no/wp-content/uploads/Domssamling2018_web_1.pdf?fbclid=IwAR1WkuGYvjJMiCpFkdGDldI4H6w7SwNvnOoQcsWcRnp0AZFeCTAwTbpM79o)

Transparency International. (2019). *Index 2018.* Henta frå <https://www.transparency.org/cpi2018>

Transparency International. (2019). *Korrupsjonskampen.* Henta frå [http://transparency.no/wp-content/uploads/Korrupsjonskampen\\_Web\\_Single-003.pdf](http://transparency.no/wp-content/uploads/Korrupsjonskampen_Web_Single-003.pdf)

Trygstad, S.C. & Ødegård, M. A (2019). *Varsling i norsk arbeidsliv 2018.* Henta frå

<https://www.fafo.no/images/pub/2019/20711.pdf>

Tvedt, T. (Red). (2014). *BDO INNSIKT. Økonomisk kriminalitet og korruption.* Henta frå

ØKOKRIM. (2014). *Risikovurdering 2015-2016.* Henta frå

[file:///Users/ingridraahauge/Downloads/Risikovurdering\\_okokrim\\_15-16%20\(1\).pdf](file:///Users/ingridraahauge/Downloads/Risikovurdering_okokrim_15-16%20(1).pdf)

- ØKOKRIM. (2017). *Forelegg til Yara på 295 millionar kroner*. Henta frå <https://www.okokrim.no/forelegg-til-yara-paa-295-millioner-kroner.5990608-411472.html>
- ØKOKRIM. (2017). *Korrupsjon*. Henta frå <https://www.okokrim.no/korrupsjon.422251.no.html>
- ØKOKRIM. (2017). *Økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet*. Henta frå <https://www.okokrim.no/kriminalitetsomraader.422249.no.html>
- ØKOKRIM. (2019). *Om ØKOKRIM*. Henta frå <https://www.okokrim.no/om-okokrim.422248.no.html>
- ØKOKRIM. (u.å.). *Tilsynsmyndighetene og taushetsplikt – rettslige rammer for samarbeid med politiet*. Henta frå <https://www.okokrim.no/tilsynsmyndighetene-og-taushetsplikt-rettslige-rammer-for-samarbeid-med-politiet.416731.no.html>

,

## Vedlegg

### Intervjuobjekta

#### *Tina Søreide*

Tina Søreide er professor i jus og økonomi. Forskinga hennar er fokusert på korruption, styring, marknad og utvikling. Ho har tidlegare vore tilsett ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen (UiB), Chr. Michelsen Institute (CMI) og Verdensbanken i Washington. På NHH underviser ho i forretningsetikk, korruption og styring og koordinerer eit studentmobilitetsprogram i antikorruption med ulike skular i Ukraina og Georgia. Søreide publiserer mesteparten av sin forsking internasjonalt. Vidare har ho vore engasjert i politikkarbeid for den norske regjeringa og internasjonalt, inkludert for OECD, EU, Verdensbanken, utviklingsbyrå og regjeringar. I 2016 vart Søreide tildelt beste lærarpris for sitt masterkurs «*Korruption—incentiver, avsløring og ansvar*».

#### *Revisor i eit «dei fire store revisjonsselskapa» i Norge*

Med omsyn til type informasjon som blir gitt, ynskjer ikkje selskapet at namnet deira eller namnet til medarbeidaren skal bli kjend. Informaten går under tittelen erfaren senior, og har jobba i selskapet sidan 2012. Vidare har respondenten bachelorgrad i økonomi og administrasjon, og fullfører mastergrad i rekneskap og revisjon på BI i Oslo våren 2020. Respondenten har erfaring innan bank, handel, bygg og anlegg og mellom anna vore førelesar på Høgskulen på Vestlandet i faget skatterett.

#### *Siri Hjellvik Lagmannsås*

Siri Hjellvik Lagmannsås er utdanna siviløkonom ved Norges Handelshøgskule og jobbar som Finance Manager i Hydro, avdeling Årdal. Hydro er eit fullt integrert aluminiumselskap med 35 000 tilsette i 40 ulike land på alle kontinent. Vidare er dei til stades i alle marknadssegment for aluminium, med sals – og handelsaktivitetar i heile verdikjeda, der dei betener fleire enn 30 000 kundar.

#### *Gemetchu Hika*

Gemetchu Hika jobbar som advokat i Compliance avdelinga hjå Equinor, og er ein del av den juridiske avdelinga. Han har tidlegare vore tilsett i advokatfirmaet Hjort Advokat i Oslo i 5 år, og har no jobba 7,5 år i Equinor. Arbeidet hans er retta mot antikorruption innad i selskapet,

og han har tidlegare vore i ulike stillingar innan Compliance avdelinga. På denne måten har Hika god oversikt og erfaring over dette emnet.

#### *Jan Arild Rømmen*

Jan Arild Rømmen er utdanna advokat frå Universitetet i Bergen og jobbar til dagleg hjå Advokatfirmaet Tollefsen AS. Han har hatt aktiv advokatlisens sidan 1987, og har mellom anna vore politjurist frå 1983-1987. Vidare har han vore bustyrar i over hundre ulike konkursbu, samt dagleg leiar i eit eigedomsføretak i 25 år.

#### *Jan-Egil Kristiansen*

Jan-Egil Kristiansen har jobba med kontroll i skatteetaten i over 40 år og er til dagleg seksjonssjef i avdeling skattekriminalitet. Han har tidlegare vore direktør på Oslo likningskontor med ansvar for kontroll og skattlegging av næringsdrivande og selskap, samt skattekrimsjef i Skatt Øst.

#### *Intervjuguide*

*Intervjuguide anonym revisor frå anonymt revisjonsselskap:*

1. Korleis er oppfatninga di som revisor av omfanget av økonomisk kriminalitet i norske bedrifter?
2. Korleis jobbar de som revisorar for å avdekke underslag? Kva er den typiske situasjonen/tilfellet?
3. Korleis jobbar de som revisorar for å avdekke korруpsjon? Kva er den typiske situasjonen/tilfellet?
4. Korleis oppfattar de risikoen for å bli oppdaga når det gjeld korrupsjon (herunder knytt til sekundærlovbrotet kvitvasking)?
5. Korleis vil risikoen for å bli oppdaga påverka av selskap som har revisor?
6. Korleis føler de samarbeidet med dei ulike etatane er på dette området? Er det saker som de har meldt i frå om, men som ikkje blir følgt opp? Kva er årsaka til dette?
7. Er det nokre bedrifter/bransjar som skil seg ut og er meir utsatt for at det skjer økonomisk kriminalitet i deira verksemد?
8. Korleis oppfattar de at lovene (herunder straffelova) verkar inn på omfanget av økonomisk kriminalitet? Er dei strenge nok?

9. Økonomisk kriminalitet er ein type kriminalitet der utbyttet kan vere stort og risikoen for å bli oppdaga er låg. Korleis inntrykk har de av internkontrollen i den typiske bedrifa? Er den god nok?
10. Kven er den typiske bedrifa som utøver slik kriminalitet? Nokre spesifikke kjenneteikn som går igjen?

*Intervjuguide Siri Hjellevik Lagmannsås ved Hydro:*

1. Korleis er Hydro sitt forhold til økonomisk kriminalitet, herunder korruption og underslag?
2. Er det i seinare tid avdekkja økonomisk kriminalitet i Hydro?
3. Kor vidt anser de risiko for oppdaging om nokre av Hydro sine tilsette begår slike handlingar? Har dette sannsynet endra seg dei siste åra?
4. Å inngå avtalar kan vere krevjande, i tilfelle med stor konkurranse. Korleis er kulturen for det å ligge i gråsone ved slik avtaleinngåing?
5. Det har vore fleire tilfeller med bestikkingar av tenestemenn i utlandet, spesielt i området som er korrupte. Korleis jobbar de i Hydro for å unngå dette blant tilsette? Må ein nytta stikkpengar for å få kontraktar i einskilde land?
6. Har de klare retningslinjer for kva som er greitt og ikkje?
7. Handelen med Tadsjikistan har vore diskutert i media i 2016. Dette er eit av verdas med korrupte land. Korleis verkar internkontrollen i bedrifa førebyggjande for at alliminumshandelen her skal vere lovleg og ikkje rammas av straffelovene?
8. Med tanke på handel med korrupte land, kor vidt er internkontrollen forsterka i slike situasjonar?
9. Hydro er ei stor bedrift. Ansvarsfordeling er sentralt. Korleis jobbar de for at tilsette skal ha same verdigrunnlag i avgjerslene, spesielt med tanke på at ein har tilsette i ulike land i forskjellige delar av verda?
10. Motiv for korruption kan vere ulike. Etter dykkar erfaring, i kva situasjonar er det viktigast å vere oppmerksam på at alt skjer innanfor regelverket?
11. Korleis er internkontrollen bygd opp for å førebygge og oppdage underslag

*Intervjuguide Gemetchu Hika ved Equinor:*

1. Korleis er Equinor sitt forhold til økonomisk kriminalitet, herunder korruption og underslag?
2. Er det i seinare tid avdekkja slike misligheiter i bedrifa?

3. Kor vidt anser de risiko for oppdaging om nokre av Equinor sine tilsette begår slike handlingar? Har dette sannsynet endra seg i forhold til tidlegare?
4. Å inngå avtalar kan vere krevjande, i tilfelle med stor konkurranse. Korleis er kulturen for det å ligge i gråsone ved slik avtaleinngåing?
5. Korleis har selskapet forbetra sine rutinar etter Statoil-Horten saken? Kva interne rutinar svikta den gongen, med tilfelle av korруpsjon i bedrifta?
6. Med tanke på samarbeid med bedrifter i land som er korrupte, kor vidt er internkontrollen forsterka i slike situasjonar?
7. Equinor er ei stor bedrift. Arbeidsdeling er sentralt. Korleis jobbar de for at tilsette skal ha same verdigrunnlag i avgjerslene, spesielt med tanke på at ein har tilsette i ulike land i ulike delar av verda?
8. Motiv for korruksjon kan vere ulike. Etter dykkar erfaring, i kva situasjonar er det viktigast å vere merksam på at alt skjer innanfor regelverket?
9. Korleis er internkontroll bygd opp for å førebygge underslag?

*Intervjuguide Jan-Egil Kristiansen ved Skatteetaten:*

1. Me har lest i fleire bøker og artiklar om økonomisk kriminalitet og utviklinga i Noreg, der det kjem fram at bedrifter fekk skattefrådrag for smørjing fram til 2000-talet. Korleis føregjekk dette?
2. Korleis ser de på skattefrådraget fram til 2000-talet sin innverknad på haldingar knytt til smørjing, og no det som er kalla korruksjon (bestikking)?
3. Korleis er samarbeidet mot bekjemping av økonomisk kriminalitet mellom etatane? Me har sett på kor vidt tausheitsplikta og mangel på ressursar spelar inn. Kva tenker de om det?
4. STRASAK-rapporten 2019 viste ein auke i melde økonomilovbrot på omlag 260%. Mykje av denne auken kom i frå strukturelle endringar i kva som fell under akkurat dette. Likevel tyder det på at det er ein auke på omlag 20% frå 2015 til 2019 i økonomilovbrot. Kor vidt trur de at dette reflekterer auka kriminalitet eller auka innsats slik at fleire tilfeller blir oppdaga?
5. Korleis ser de på omfanget av økonomisk kriminalitet?
6. Korleis jobbar skatteetaten på generelt grunnlag for å bekjempe økonomisk kriminalitet?
7. Opgåva vår fokuserer i aller størst grad korruksjon og underslag. Kor vidt er arbeid om desse typane relevant for Skatteetaten? Korleis kan skattelovene forhindre bestikkingar?

Me har sett på gråsonene mellom frådragsberettiga gåver og representasjonsmiddagar.

Kva tenker de her?

8. Har de ein oppfatning av kven som er den typiske lovbrytaren på dette området?
9. Har de ei oppfatning av kva situasjon den eventuelle bedifta som er involvert i slik kriminalitet, befinn seg i?

*Intervjuguide Tina Søreide:*

1. Kor vidt anser du korruption som eit samfunnsproblem i Noreg? Kva tenker du om omfanget?
2. Korleis er utviklinga i denne typen kriminalitet i Noreg?
3. Kva meiner du er dei viktigaste konsekvensane av korruption/økonomisk kriminalitet, både for samfunnet og for norsk næringslivet?
4. Økonomisk kriminalitet i sin heilheit er lovbrot som kan ha stort utbytte og med låg risiko for oppdaging. Korleis tenker du dette verkar inn på omfanget av korruption om ein ser det ut i frå ei kostnad-nytte vurdering?
5. I boka di «Korruption: Mekanismar og mottiltak» skriv du at korruption handlar om at avgjerder som skulle vore til det beste for selskapet, blir selde og kjøpte til fordel for enkeltindivid. Kva er ofte det typiske motivet for å utføre korruption? Er det spesielle situasjonar ei bedrift/ein person er i, når ein vel å utføre korruption?
6. Korleis er di oppfatning av den typiske lovbrytaren? Både når det gjeld type bedrift og person (her; stilling)?
7. Kva oppfatning har du av straffenivået og dei ulike straffemetodane i Norge? Korleis trur du dette verkar inn på valet om å utføre korruption?
8. Kva tenker du om føretaksstraff? Er dette noko som kan vaske ut ansvaret den enkelte har når den utfører avgjersler knytt til det å utføre korruption?
9. 85% blei dømt i ØKOKRIMs saker i 2018. Likevel er oppklaringsprosenten i følge STRASAK-rapporten, når det gjeld økonomisk kriminalitet, på 33%. Korleis trur du mangl på ressurser og oppfatning av at sakene kan bli oppklart verkar inn på terskelen for å varsle om denne type lovbrot?
10. Kva er ofte den viktigaste motivasjonen for å begå korruption? Kva type motivasjonsteori er mest relevant i norske bedrifter?

*Intervjuguide Jan Arild Rømmen:*

1. Korleis er oppfatninga di av økonomisk kriminalitet i norske verksemder i dag?
2. Kva tenker du om motiva for å begå slik kriminalitet?
3. Er det nokon typisk lovbrytar/situasjon?
4. Kva er oppfatninga di av ressursar og tiltak mot denne typen kriminalitet i Noreg?
5. Korleis meiner du føretaksstraff åleine mot økonomisk kriminalitet?
6. Å handle på vegne av føretaket og ansvarskjensle heng ofte saman. Kva tenker du om at føretaksstraff legg opp til tanken om at ein handlar på vegne av føretaket?
7. Kva er optimal straff av slik kriminalitet?
8. Kva må til for at straff skal ha effekt (både preventivt og på den gitte forbrytar)?
9. Korleis trur du straffenivå verkar inn på omfang og tilbøyelikhet til å begå kriminelle handlingar?
10. Korleis verkar risiko for å bli oppdaga inn på tilbøyelikhet?

# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgåve

BO6-2011 bacheloroppgåve

### Predefinert informasjon

Startdato:	05-05-2020 15:00	Termin:	2020 VÅR
Sluttdato:	14-05-2020 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve	Studiepoeng:	15
SIS-kode:	203 BO6-2011 1 BO 2020 VÅR		
Intern sensor:	Torbjørn Årethun		

### Deltaker

Navn:	Ingrid Raa Hauge
Kandidatnr.:	327
HVL-id:	574104@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	26642
Egenerklæring *:	Ja
Inneholder besvarelsen konfedisjelt materiale?:	Nei

Jeg bekrefter at jeg har Ja  
registrert  
oppgavetittelen på  
norsk og engelsk i  
StudentWeb og vet at  
denne vil stå på  
uitnemålet mitt \*:

### Gruppe

Gruppenavn:	Andreas og Ingrid
Gruppenummer:	1
Andre medlemmer i gruppen:	Andreas Borlaug Horuei

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

**Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \***

Nei

**Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \***

Nei